



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

St.prp. nr. 11

(2008–2009)

Ei styrkt bustøtte

Innhold

1	Samandrag	5	4	Konsekvensar av framlegg til nye reglar .	27
1.1	Overordna mål, strategiar og utfordringar	5	4.1	Innleiing	27
1.2	Framlegg til nye reglar for bustøtta ...	6	4.2	Hovudlinjer i den nye modellen	27
1.3	Konsekvensar av framlegget	7	4.3	Konsekvensar for søkjarane	28
1.4	Iverksetjing, løying og kontroll	8	4.3.1	Innleiing	28
			4.3.2	Nye person- og bustadkrav	28
			4.3.3	Inntektsgrenser for barnefamiliar	29
				Lik handsaming og enkle reglar	29
2	Bakgrunn, utfordringar og mål	9	4.3.4	Strategi for å få flest mogleg ut i lønt arbeid	29
2.1	Innleiing	9	4.4	Strategi for å få flest mogleg til å busetje seg i eigen bustad	30
2.2	Bustøtte som velferdspolitisk verke-middel	9	4.5	Strategi for å få flest mogleg til å busetje seg i eigen bustad	30
2.3	Kort historikk	9	4.6	Konsekvensar for dei som får bustøtte i dag	30
2.4	Bustøtta i dag	9		Aleinebuarar og par utan barn	30
2.5	Utfordringar i bustøtteordninga	11		Barnefamiliar	30
2.5.1	Krav om at søkjarar utan barn må vere trygda for å få bustøtte	11	4.6.1	Pensjonistar	31
2.5.2	Forelda krav til utforming og finansiering av bustaden	11	4.6.2	Unge uføre	31
2.5.3	Mange barnefamiliar fell utanfor	11	4.6.3	Konsekvensar for kommunane	32
2.5.4	Ulik handsaming og kompliserte reglar	12	4.6.4	Rolla til bustøtta i det bustadsosiale arbeidet	32
2.6	Måla med ny bustøtte	12	4.7	Kommunale utleigebustader	32
			4.7.1	Bustøtte og kommunale ytingar	32
			4.7.2	Administrative konsekvensar for kommunane	32
			4.7.3	Administrative konsekvensar for Husbanken	32
3	Framlegg til nye reglar for bustøtta	13	4.7.4	Iverksetjing, løying og kontroll	34
3.1	Innleiing	13		Innleiing	34
3.2	Føremål med bustøtta	13	4.8	Iverksetjing og løying	34
3.3	Kven som kan få bustøtta	13		Kontroll	34
3.3.1	Krav til søkjaren – personavgrensing .	13	5	Rettsleg forankring av bustøtta	34
3.3.2	Krav til utforming av bustaden – bustadavgrensing	14	5.1	Forslag til vedtak om ei styrkt bustøtte	36
3.4	Utrekning av bustøtta	15	5.2	Innleiing	34
3.4.1	Innleiing	15	5.3	Iverksetjing og løying	34
3.4.2	Buutgifter	15	5.4	Kontroll	34
3.4.3	Taket for buutgifter – høgste godkjende buutgift	18		Rettsleg forankring av bustøtta	34
3.4.4	Golvet for buutgiftene – minste godkjende buutgift	18	Vedlegg		
3.4.5	Eigendel for buutgiftene	19	1	Forskrift om bostøtte	37
3.4.6	Særreglar for unge uføre	20	2	Retningslinjer for bostøtte	40
3.4.7	Inntekt	22	3	Retningslinjer for unge uføre	45
3.4.8	Formue	22			
3.4.9	Dekningsprosenten	24			
3.4.10	Grensa for minste utbetaling	24			

St.prp. nr. 11

(2008–2009)

Ei styrkt bustøtte

*Tilråding frå Kommunal- og regionaldepartementet av 7. november 2008,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Samandrag

1.1 Overordna mål, strategiar og utfordringar

Som eit ledd i arbeidet mot fattigdom legg regjeringa med dette fram ei tilråding om ei styrkt, statleg bustøtteordning. Ein må sjå satsinga i samanheng med dei bustadpolitiske måla om å redusere talet på vanskelegstilte på bustadmarknaden og å få slutt på bustadløyse.

Hovudstrategien til regjeringa for å motarbeide fattigdom er å få flest mogleg i lønt arbeid. Samtidig er det ein bustadpolitisk strategi at flest mogleg skal kunne klare seg sjølv i eigen bustad. Bustøtta skal støtte desse strategiane.

Prisane på bustader som ein eig eller leiger, og renta på bustadlån har stige mykje dei seinare åra, og buutgiftene til husstandane har auka. Unge som skal etablere seg i eigen bustad for første gong, og dei som har låge inntekter, har dei høgaste buutgiftene sett i høve til inntekta. Bustøtta er eit effektivt verkemiddel for å motarbeide fattigdom fordi ho er retta mot dei som både har låg inntekt og høge buutgifter.

På vegen mot ei styrkt bustøtte er det fire hovudutfordringar med reglane som gjeld i dag:

1. kravet om at søkjarar utan barn må vere trygda for å få bustøtte

2. forelda krav til utforming og finansiering av bustaden
3. låge inntektsgrenser for barnefamiliar
4. ulik handsaming av søkjarane og kompliserte reglar

Krav om at søkjarar utan barn må vere trygda for å få bustøtte

I dag er det eit krav at søkjarar utan barn må ta imot trygd, eller andre offentlege ytingar, for å få bustøtte. Kravet fører til at mange som bur aleine, og par utan barn fell utanfor ordninga. Ut frå målet om at flest mogleg skal ta lønt arbeid, kan kravet om at søkjaren må vere trygda for å få bustøtte, verke negativt. Det fordi kravet kan føre til at dei som får bustøtte, mistar motivasjonen til å ta lønt arbeid, og fordi det kan auke motivasjonen til dei som ikkje får støtte, til å få status som trygda.

Krav til utforming og finansiering av bustaden

For å få bustøtte må bustaden etter hovudregelen vere på minst 40 m² og ha separat kjøkken og soverom. For pensjonistar som eig bustaden sin sjølv, og som har ei inntekt over minstepensjonen pluss

30 prosent, er det eit krav at bustaden er finansiert med husbanklån, og at lånet ikkje er nedbetalt.

Bustadkravet gjer at dei som bur i moderne bustader med opne kjøkkenløysingar, og dei som bur i eittroms-bustader, ikkje kan få bustøtte. Kravet til finansiering gjer at søkerar som elles ville fått bustøtte, ikkje kan få det fordi bustaden ikkje er finansiert med husbanklån, eller fordi husbanklånet er nedbetalt. Både krava til bustad og krava til finansiering gjer bustøtta mindre effektiv og treffsikker i arbeidet mot fattigdom.

Låge grenser for inntekta til barnefamiliar

For å få bustøtte må inntekta til husstanden vere svært låg. Dei låge inntektsgrensene fører til at særleg mange barnefamiliar fell utanfor ordninga.

Ein familie på fire som bur utanfor storbyane, får ikkje bustøtte dersom familien tener meir enn 194 000 kroner per år. I Oslo fell dei utanfor dersom dei tener meir enn 219 000 kroner. Oslo er den kommunen som har dei høgaste inntektsgrensene.

Riksrevisjonen la nyleg fram Dokument nr. 3:8 (2007–2008) *Tilbudet til de vanskeligstilte på boligmarkedet*. Det konkluderte med at dei statlege, bustadsosiale verkemidla i Husbanken ikkje når ut til alle dei vanskelegstilte. Dette kjem av at mange fell utanfor bustøtteordninga, mellom anna fordi dei har for høg inntekt, samtidig med at dei har for låg inntekt til å få eit husbanklån.

Lik handsaming av søkerane og enkle reglar

Det er eit mål for offentleg forvaltning at søkerane skal bli handsama likt, og at reglane skal vere enklast mogleg. Reglane skal ikkje føre til at søkerane blir handsama meir ulikt enn det som er nødvendig for å sikre ei effektiv og treffsikker ordning.

1.2 Framlegg til nye reglar for bustøtta

I framlegget skal alle med låg inntekt og høge buutgifter, bortsett frå studentar og militært og sivilt tenestepliktige, kunne få bustøtte når dei elles fyller krava. Dette opnar ordninga for dei som ikkje har barn og som heller ikkje er trygda.

Framlegget tilraråd å forenkle og modernisere krava til bustaden og å fjerne kravet til finansiering for alle søkergruppene.

I dag får alle sjølveigarar utrekna utgifter til drift og vedlikehald av bustaden, sjølv om dei betaler felleskostnader til sameiget. I framlegget tilraråd departementet å leggje felleskostnader til grunn for

denne gruppa, som for bebuarar i burettslag. Det blir òg tilrådd å forenkle utrekninga av buutgiftene for sjølveigarar utan felleskostnader.

Utgifter til oppvarming av bustaden blir i dag dekte med ein sjablong for personar med alders-, uføre- og attlevandepensjon som har ei inntekt som er lågare enn minstepensjonen, pluss 30 prosent. Det blir gjort framlegg om at alle pensjonistar i dei nemnde gruppene skal få dekt utgifter til oppvarming når utgiftene ikkje går inn i husleiga eller felleskostnadene. Det blir tilrådd at utgiftene blir dekte med ein sjablong som er lik for alle husstandane i landet.

Bustøtta skal motivere til å etablere seg i bustad, som ein eig eller leiger. Ho må da verke saman med låneordningane til Husbanken. Det blir derfor tilrådd å dekkje utgifter til bustadlån, som i dag.

Buutgiftstaket er den øvste grensa for dei buutgiftene som blir rekna med i bustøtta. Det blir tilrådd å auke taket for alle husstandane. Funksjonshemma kan søkje om å få dekt enda høgare buutgifter.

Bustadprisane i dei største byane er høgare enn i resten av landet. Det blir derfor tilrådd at det framleis skal vere eit høgare tak i slike kommunar. Men det er òg nokre kommunar som grensar til storbyane som har høge bustadprisar. Det blir gjort framlegg om at Oslo, Kristiansand, Stavanger, Bergen, Trondheim, Tromsø, Bærum, Skedsmo, Nesodden, Frogn, Lørenskog, Oppegård, Asker, Sola og Sandnes får høgare tak enn resten av landet.

Ved utrekning av bustøtte kjem det til frådrag ein eigendel av buutgiftene som husstandane sjølv må dekkje. Denne eigendelen har eit minstenivå. Buutgifter under dette nivået blir ikkje dekte. I dag aukar denne minste eigendelen med talet på personar i husstanden samtidig med at han varierer mellom søkergruppene. Det er urimeleg. Det blir tilrådd at den minste rimelege buutgiftinga blir lik for alle husstandar utan omsyn til storleik eller type søker.

Framlegget om høgare tak og lågare eigendel for større husstandar gir auka inntektsgrens for barnefamiliar. Det blir òg tilrådd å innføre eit fribeløp for inntektene til barn som bur heime.

Unge uføre har eigne reglar som sikrar at dei får høgare bustøtte enn andre med same inntekt eller trygd. Desse særreglane er meir kompliserte enn nødvendig. Det blir tilrådd at unge uføre får ytingar på same nivå som i dag, men at reglane blir enklare. Noverande mottakarar skal ikkje få mindre utbetalte på grunn av omlegginga av særreglane.

Bustøtta er ei strengt behovsprøvd ordning. Netto formue er derfor med i vurderinga av kor høg bustøtta blir. I dag har alle husstandar, både eigarar

og leigarar, eit fast beløp for fri netto formue. Den likna verdien på bustader har vore låg, og som regel lågare enn fribeløpet. Den store auken i bustadprisane saman med oppjustering av likningsverdiene, gjer at den likna verdien av bustaden no kan vere høgare enn fribeløpet. For å sikre at verdien av eigen bustad blir halden utanfor utrekninga, blir det gjort framlegg om å nytte faktisk likningsverdi som fribeløp i staden for sjablongar. For å avgrense ordninga mot for dyre bustader, blir det sett eit tak på den frie likningsverdien. Samtidig blir det gjort framlegg om å auke fribeløpet for leigarar som bur aleine. For dei som har formue over fribeløpet, blir det gjort framlegg om å skjerpe avkortinga mot bustøtta.

Den delen av differansen mellom godkjende buutgifter og eigendel som blir utbetalt i bustøtta, blir kalla dekningsprosenten. Det blir ikkje tilrådd å endre dekningsprosenten.

For å sikre ei effektiv bustøtte og at utbetalingane står i samsvar med dei administrative kostnadene, blir det tilrådd å auke grensa for minste utbetaling.

1.3 Konsekvensar av framlegget

Det blir tilrådd å fjerne kravet om at søkjarar utan barn må vere trygda. Da kan alle, unntake studenter og militært og sivilt tenestepliktige, få bustøtta. I denne gruppa er det mange unge menn som er aleinebuarar i dei største byane. Ved å opne opp bustøtta for dei, vil vonleg fleire arbeide og kunne skaffe seg ein eigen bustad.

Ved å modernisere bustadkrava kan dei som bur i mindre bustader utan eige kjøkken eller soverom òg få bustøtta. Mange med dårleg økonomi bur i slike bustader. Ved å fjerne kravet om husbankfinansiering av bustaden blir bustøtta tilgjengeleg for fleire pensjonistar.

Inntektsgrensene blir tilrådd auka slik at fleire

barnefamiliar kan få bustøtta. Ein familie på fire som bur utanfor pressområda, vil etter framlegget falle ut av bustøtta når inntekta er høgare enn 245 000 kroner per år, mot 194 000 kroner i dag. I Oslo aukar grensa for ein familie av same storlek frå 219 000 til 272 000 kroner, jamfør tabell 1.1.

Det blir tilrådd å samordne reglane på ei rekke område slik at bustøtta med få unntak handsamar søkjarane likt. Reglane blir dermed langt enklare enn i dag.

Om lag 50 000 nye mottakarar vil få bustøtta, i tillegg til dei vel 100 000 som får støtte i dag. Av dei nye mottakarane kjem om lag 10 000 til å vere barnefamiliar. Framlegget krev ein auke i løvinga på om lag 1 milliard kroner på sikt.

Regjeringa legg til grunn at bustøtta blir ei langt meir effektiv og målretta ordning for å motarbeide fattigdom, å redusere talet på bustadlause og å hjelpe vanskelegstilte med å etablere seg i eigen bustad. Ved at mottakarane i den nye ordninga ikkje fell ut av ordninga om dei tek lønt arbeid, kan omlegginga bidra til større deltaking på arbeidsmarknaden. Ein god og trygg bustad kan for mange vere ein nødvendig føresetnad for å søkje arbeid.

Framlegget inneber at bustøtta kjem til å passe langt betre saman med låne- og tilskotsordningane til Husbanken. Fleire kan etablere seg i eigen bustad finansiert med ein kombinasjon av bustøtta, grunnlån, startlån og eventuelt bustadtilskot.

Det er kommunane som har ansvaret for å skaffe husly til vanskelegstilte. Dei er òg førstelinja for dei som søker om bustøtta. Bustøtta må derfor verke godt saman med ytingane og tenestene til kommunane. Samtidig må støtta vere enkel å administrere. Med framlegget til ny bustøtteordning kjem kommunane til å få eit langt betre verktøy for å skaffe bustad til vanskelegstilte. I tillegg vil kommunane venteleg spare inn rundt 30 prosent av auken i bustøtta. Innsparingane kjem i første rekke frå reduserte kostnader til sosialhjelp og kommunal bustøtta.

Tabell 1.1 Framlegg om nye og neverande inntektsgrenser. Kroner per år

	Talet på personar i husstanden				
	1 pers.	2 pers.	3 pers.	4 pers.	5 pers.
<i>Utanfor pressområda</i>					
Nye inntektsgrenser	178 000	200 000	222 000	245 000	264 000
Noverande grenser	163 000	174 000	182 000	194 000	205 000
<i>Oslo</i>					
Nye inntektsgrenser	200 000	223 000	247 000	272 000	292 000
Noverande grenser	191 000	202 000	208 000	219 000	229 000

Departementet legg til grunn at presset på kommunale utlegebustader kjem til å bli redusert. Det er fordi fleire med svak økonomi kan etablere seg direkte i den ordinære bustadmarknaden, og fordi fleire av dei som leiger av kommunane får høve til å flytte vidare til eigen bustad. Bustaden blir da frikjord til andre. Mange som bur i kommunale utlegebustader får òg betre økonomi. Det er fordi fleire kjem inn under ordninga og fordi ytingane aukar. Det gjer at kommunane får større sjanse til å få dekt kostnader knytt til denne verksemda. Samla sett reknar departemenet at framlegget vil gi kommunane lågare kostnader med omsyn til å skaffe bustad til vanskelegstilte.

I tillegg blir det enklare for Husbanken og kommunane å handsame bustøtta. Kostnadene til informasjon, opplæring og annan administrasjon blir dermed reduserte. På den andre sida får dei fleire søknader til handsaming.

Av proposisjonen om trygdeoppgjeret i 2008 kjem det fram at auken i pensjonane ikkje skulle gi uønskte reduksjonar i utbetalingar i bustøtta frå 1. juli 2009. Regjeringa vil kome tilbake til det spørsmålet.

1.4 Iverksetjing, løyving og kontroll

Det blir tilrådd at den nye bustøtta blir sett i verk frå 1. juli 2009. Sidan bustøtta blir utbetalt på etter-skot, kjem den første utbetalinga etter ny ordning i august.

I St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Kommunal- og regionaldepartementet blir det tilrådd ein auke på 303 mill. kroner i 2009 for å finansiere omlegginga det året. I denne stortingsproposisjonen gjer regjeringa framlegg om nye reglar for bustøtta.

På lengre sikt er dei årlege kostnadene ved innføring av ny bustøtte rekna ut til å bli om lag 1 000 mill. kroner. Den fulle effekten blir venteleg oppnådd etter tre år. Det er fordi det tek tid før alle dei nye potensielle søkerane har fått informasjon om omlegginga, og før dei som ønskjer det har søkt og fått utbetalt bustøtte.

For å sikre riktige utbetalingar og redusere høve til misbruk, skal kommunane, Husbanken og mottakarane ha plikt til å kontrollere dei opplysningsane som går inn i utrekninga av bustøtta. Bustøtta kan bli kravd tilbakebetalt om mottakarane har gitt galne opplysningar.

Denne stortingsproposisjonen blir følgd opp med ein revisjon av den rettslege forankringa av bustøtta.

2 Bakgrunn, utfordringar og mål

2.1 Innleiing

I dette kapitlet blir det gjort kort greie for kvar bustøtta er eit godt verkemiddel i regjeringa si sat sing mot fattigdom. Vidare blir det gitt ein kort historikk, gjort greie for den bustøtta som gjeld i dag, dei største utfordringane og dei viktigaste måla for ei ny bustøtte.

2.2 Bustøtte som velferdspolitisk verkemiddel

Visjonen om ein god og trygg bustad for alle er ein av grunnpilarane i velferdspolitikken. Bustaden er eit viktig velferdsgode i seg sjølv, men er òg ein sentral føresetnad for god helse, det å få arbeid eller det å ta utdanning.

Buutgiftene er ein stor del av utgiftene for mange husstandar, ikkje minst for økonomisk vanskelegstilte og nyestablerte. Levekårsundersøkinga fra 2004 viser at for den tiden som har lågast inntekt, har halvparten buutgifter på 43 prosent av inntekta eller meir (NOVA 2006: *Bolig og levekår i Norge 2004*. Gulbrandsen (red.). Rapport 3/06). Vidare har ein fjerdedel buutgifter på 75 prosent eller meir. Det vil seie at buutgiftene i seg sjølv kan skape økonomiske vanskar for dei med låg inntekt.

Dei seinare åra har prisane for andre nødvendige varer som mat og klede blitt reduserte, medan bustadprisar, renter og husleige har stige mykje. Buutgiftene har blitt ei høgare belastning for mange. På den andre sida fører dei høge prisane og verdien på bustader til at for dei som eig ein bustad, blir bustaden viktig for å byggje opp eigen formue. Gjennom arv og hjelp til barna når dei etablerer seg på bustadmarknaden, blir skilnader i formue overførte til dei neste generasjonane. For dei som ikkje kan få slik hjelp, kan det bli vanskeleg å etablere seg på bustadmarknaden.

For dei fleste er buutgiftene ein utgiftskomponent som ikkje er lett å påverke. Mange er derfor sårbare overfor auka buugifter. Tiltak retta mot dei som har høge buutgifter, er derfor målretta tiltak for å hjelpe økonomisk vanskelegstilte til å førebygge økonomisk uføre. Bustøtta er eit effektivt verke middel i så måte.

Bustøtta er retta mot husstandar med låg inntekt og høge buutgifter. Ordninga er fleksibel ved at utbetalingane blir tilpassa endringar i utgifter og inntekter i husstandane. Ordninga er òg strengt behovsprøvd.

2.3 Kort historikk

Ei ordning med husleigestøtte blei etablert i Noreg i 1947. Målgruppa var barnerike familiar som hadde inntekt under industriarbeidarlønn. Frå 1965 kom grupper av pensjonistar med i ordninga. Bustøtteordninga slik vi kjenner ho i dag, blei etablert i 1973. Både i 1983 og i 1994 blei ordninga endra og utvida. I 1997 blei bustøtteordninga samordna med butilskotsordninga frå Helse- og sosialdepartementet.

Etter 1997 har òg stadig fleire husstandar blitt omfatta av ordninga, og bustøtta har gjennomgått fleire endringar. Krava til bustaden og til søkjarane har gradvis blitt lempa på. Det har med andre ord vore ei gradvis utvikling mot utviding og forenkling av ordninga. Denne utviklinga blir ført vidare med dette framlegget.

2.4 Bustøtta i dag

For å kunne få bustøtta blir det stilt krav både til husstanden og til bustaden. Krava definerer og avgrensar kven som har rett til bustøtte.

I juni 2008 fekk i overkant av 100 000 husstandar støtte. Gjennomsnittleg utbetaling var om lag 2 000 kroner den månaden. Dei største mottakargruppene er alders- og uførepensjonistar. Det er relativt få barnefamiliar som får bustøtta. Alle som får bustøtta, har låg inntekt, og barnefamiliane har særleg låg inntekt. Tabell 2.1 og 2.2 viser kven som får bustøtta i dag, fordelt på eigeform, personar i husstanden og grupper.

Løyvinga til bustøtta er ei overslagsløyving og er på 2 470 mill. kroner i 2008.

Det blir gjort vedtak og utbetalt bustøtta til mot takarane kvar månad. Ordninga er rettsbasert og

inneber liten grad av skjønn for sakshandsamara-ne.

Det følgjer av § 16 i husbanklova at Husbanken og kommunane saman har det operative ansvaret for bustøtta. Husbanken har ansvaret for retningslinjer, administrasjon, drift av ikt-system for saks-handsaming og for vedtak i bustøttesakene. Rolla til kommunane er å vere førstelinje for innbyggjarene og å førebu sakshandsaminga.

Husbanken utviklar og held vedlike ikt-syste-met for sakshandsaming og rapportering. I dei siste åra er det investert om lag 40 mill. kroner i nytt ikt-system for bustøtta. Det bidreg til at alle kommunale sakshandsamarar får ei ny, effektiv og moderne systemløsing for å handsame bustøttesakene. Tid-legare søkerar om bustøtte får søknader som er

ferdig utfylte. Det blir nytta registerbaserte opply-sninga i sakshandsaminga frå mellom anna folke-og likningsregisteret, slik at søknadsprosessen i stor grad er automatisert. Husbanken har i tillegg ansvaret for å handsame klagesakene, omlag 5 000 saker i året. Husbanken har òg ansvaret for manuell handsaming av enkeltsaker, det vil seie saker der registerdata ikkje kan bli nytta. Husbanken ar-rangerer kontinuerleg kurs og andre former for rettleiring.

Informasjon om bustøtta blir gitt både frå kom-munane og Husbanken. Husbanken står for dei breie landsdekkande kampanjane og informasjon i riksdekkande media, medan kommunane har an-svaret lokalt og for å informere den enkelte søkeren.

Tabell 2.1 Husstandar som fekk bustøtte i juni 2008

	Talet på husstandar	Prosent
<i>Eigeform</i>		
I alt	106 113	100
Eigd bustad	13 668	13
Burettslag	16 013	15
Leigd bustad	76 432	72
<i>Talet på personar i husstanden</i>		
I alt	106 113	100
1 person	76 606	72
2 personar	13 410	12
3 personar	7 964	8
4 – 5 personar	6 274	6
> 5 personar	1 859	2

Tabell 2.2 Hovudtal for husstandar som fekk bustøtte i juni 2008

	Talet på hus- standar	Utbetalt totalt. Mill. kr	Utbetalt gj.snitt. Kr	Buutgifter per md. gj. snitt. Kr	Inntekt pr år, gj.snitt. Kr
<i>Totalt</i>	106 113	207,7	1 957	5 346	112 638
Alderspensjonistar	34 550	57,6	1 668	4 588	120 261
Uføre med barn	2 280	4,9	2 139	7 163	156 792
Uføre utan barn	30 793	53,7	1 743	5 377	135 754
Einslege forsørgjarar	17 339	41,4	2 388	6 377	98 690
Barnefamiliar	6 331	17,6	2 774	6 910	88 023
Andre	13 626	29,8	2 189	4 784	62 908
Andre pensjonistar	1 194	2,7	2 273	6 162	112 165

2.5 Utfordringar i bustøtteordninga

Hovudutfordringane med den bustøtteordninga som gjeld i dag er:

1. krav om at sokjarar utan barn må vere trygda for å få bustøtte
2. forelda krav til utforming og finansiering av bustaden
3. låge inntektsgrenser for barnefamiliar
4. ulik handsaming av sokjarane og kompliserte reglar

2.5.1 Krav om at sokjarar utan barn må vere trygda for å få bustøtte

Bustøtta stiller i dag krav om at sokjarar må ta imot trygd eller ein del andre offentlige ytingar for å få bustøtte. Kravet gjeld for sokjarar som ikkje har barn under 18 år i husstanden.

Kravet utelukkar dermed mange aleinebuarar og par utan barn. Ein stor del av desse er yngre menn i storbyane. Mange av dei er i ein kritisk periode av livet, til dømes ved at dei går ut og inn av arbeidsmarknaden og har problem med å etablere seg på bustadmarknaden. Enkelte står i fare for å bli bustadlause og falle utanfor arbeidslivet.

Rapporten *Bostøtte og boutgifter* (NOVA 2003, Gulbrandsen m.fl. Rapport 19/03) har kartlagt potensielle mottakarar av bustøtte. Her har inntekten til husstandane blitt vurderte, og andre krav har blitt haldne utanfor. Rapporten syner at berre 65 prosent av alle husstandar og 76 prosent av alle personar som innfrir bustøttekrava, blir omfatta av ordninga. Mange av desse er aleinebuarar. NOVA omtalar dette slik:

«En av de gruppene som skiller seg ut med et særlig stort innslag av personer som både har lav inntekt og høy boutgiftsbelastning, er enslike personer mellom 16 og 44 år. Med dagens regler er denne gruppa utelukket fra bostøtte, så sant ikke personen er trygdet.»

Ut frå målet om størst mogleg arbeidsdeltaking kan kravet om at sokjarar må vere trygda, verke negativt. Det kan nemleg føre til at dei som allereie får bustøtte, mistar motivasjonen til å ta lont arbeid, og at vanskelegstilte blir motiverte til å få status som trygda eller liknande. Å fjerne kravet om trygd som inntektskjelde er dermed viktig for å hindre innlåsingseffektar i trygdesystemet.

2.5.2 Forelda krav til utforming og finansiering av bustaden

For å få bustøtte tilseier hovudregelen mellom anna at bustaden må vere på minst 40 m² og ha separat kjøkken og soverom.

For pensjonistar som eig bustaden sin sjølv, og som har ei inntekt over minstepensjonen, pluss 30 prosent, blir det framleis stilt krav om at bustaden er finansiert med eit lån i Husbanken eller Innovasjon Noreg, og at lånet ikkje er nedbetalt.

Ein må sjå både bustad- og finansieringskravet i samanheng med den opphavlege grunnen til at bustøtta vart etablert, nemleg som ei hjel til låntakarar i Husbanken med svak økonomi. For å få husbanklån blir det ikkje lengre stilt krav om bustadarelet, eller krav til at bustaden må ha separat kjøkken og soverom. Krava er erstatta med funksjonskrav. Funksjonskravet inneber mellom anna at bustaden skal gi høve til kvile og matlaging, utan at det må vere eigne rom til desse funksjonane.

Bustadkrava utelukkar mindre bustader utan eige kjøkken og/eller soverom. Det vil mellom anna seie moderne bustader med opne kjøkkenløysingar og eittromsbustader. Det er mange slike bustader i Noreg, og mange av dei med svakast økonomi bur i slike bustader.

Finansieringskravet fører til at bustøtta blir mindre effektiv og treffsikker i arbeidet mot fattigdom. Kravet kan i tillegg vere i strid med konkurransereglane fordi kredittinstitusjonar blir handsame ulikt.

2.5.3 Mange barnefamiliar fell utanfor

For å få bustøtte må inntekta til husstanden vere svært låg. Dei låge inntektsgrensene utelukkar spesielt mange barnefamiliar frå ordninga. Ei utgreiing (NOVA 2003) viser at inntektsgrensene for aleinebuarar ligg noko over dei fattigdomsgrensene som er vanlege å bruke i fattigdomsmålingar. For store husstandar ligg inntektsgrensene vesentleg under fattigdomsgrensene.

Ein familie på fire som bur utanfor ein av dei største byane, fell ut av bustøtta dersom familien tener meir enn 194 000 kroner per år. Bur dei i Oslo og har ei inntekt på vel 219 000 kroner, fell dei utanfor. Oslo er den geografiske sona som har dei høgste buutgiftstaka, og dermed indirekte dei høgaste inntektsgrensene.

Riksrevisjonen har nyleg lagt fram Dokument nr. 3:8 (2007–2008) *Tilbuddet til de vanskeligstilte på boligmarkedet*. Det konkluderte med at dei statlege, bustadsosiale verkemidla i Husbanken ikkje når ut til alle dei vanskelegstilte. Mange fell utanfor bustøtteordninga mellom anna fordi dei har for høg inntekt samtidig med at dei har for låg inntekt til å få husbanklån.

2.5.4 Ulik handsaming og kompliserte reglar

I dag blir sokjarane handsama ulikt på ei rekkje område i bustøtteordninga. Nokre former for ulik handsaming kan ein forklare ut frå omsynet til ei treffsikker ordning. Til dømes kan det vere gode argument for å handsame husstandar ulikt alt etter storleiken på husstanden og etter kvar i landet ein bur. Andre gonger kan ein ikkje gi ei god forklaring på kvifor sokjarar har blitt handsama ulikt. Det gjer ordninga mindre treffsikker og gjer at mottakarane oppfattar ho som urettvis. Reglane blir òg unødig kompliserte.

Kompliserte reglar gjer ordninga lite brukarvennleg. Mange sokjarar er ute av stand til å skjonne om dei kan få bustøtte eller ikkje. Vidare er det kompliserte regelverket ei stor utfordring for dei meir enn 1 000 sakshandsamarane i kommunane. For Husbanken fører det kompliserte regelverket til utfordringar knytte til informasjon, ikt-system, klagehandsaming og opplæring.

2.6 Måla med ny bustøtte

Målet med å styrke bustøtta er å gjere ordninga til eit meir effektivt og treffsikkert verkemiddel mot fattigdom. Omlegginga skal òg byggje opp under målet om å motivere mottakarane til å arbeide og den bustadpolitiske visjonen om at alle skal kunne bu godt og trygt.

Det inneber å sikre at ordninga hjelper dei med størst behov, det vil seie dei med låg inntekt og høge buutgifter. Utfordringane som blir nemnde i avsnitt 2.5, hindrar dette. Derfor er det eit mål å betre bustøtta gjennom å endre person- og bustadkrava, innføre høgare inntektsgrenser for barnefamiliar, sørge for meir lik handsaming og enklare reglar.

Det har i tillegg vore eit delmål at ingen av mottakarane som er inne i ordninga i dag, skulle få utsikta store reduksjonar i bustøtta.

3 Framlegg til nye reglar for bustøtta

3.1 Innleiing

I dette kapitlet blir det gjort framlegg om nytt føremål, nye reglar for kven som skal kunne få bustøtte, og nye reglar for utrekning av bustøtta. Konsekvensane av dei nye reglane blir omtala i kapittel 4.

Ei oppsummering av framlegget til nye reglar og satsar kjem til slutt i kapitlet.

Dei noverande forskriftene og retningslinjene ligg ved, jamfør vedlegg. Dei noverande reglane og satsane som blir oppgitt i dette kapitlet, var dei som gjaldt per juni 2008.

3.2 Føremål med bustøtta

Føremålet med bustøtteordninga i dag er nedfelt i § 1 i forskrifta:

«Målet med bostøtten er at alders-, uføre- og etterlattepensionister og barnefamilier, samt andre husstander med svak økonomi, skal kunne anskaffe seg en hensiktsmessig, nøktern bolig og ha mulighet til å bli boende i denne. Videre skal bostøtten utjevne forskjeller i levekår for pensjonistgrupper som følge av forskjellige boutgifter.»

Bustøtta skal bidra til å motarbeide fattigdom. Eit viktig mål med omlegginga av bustøtta er at ho skal likestille arbeidsinntekt og trygd. Det skal ikkje lenger vere nødvendig å vere trygda for å få bustøtta. Det tilseier at føremålet må endrast.

For at bustøtta skal vere eit effektivt verkemiddel i arbeidet mot fattigdom, kan det vere naturleg å rette støtta mot dei som både har låge inntekter og høge buutgifter i høve til inntekta. Dette inneber at dei som har låge buutgifter, skal dekkje desse sjølv. Ei vanleg trygd eller inntekt skal da kunne dekkje låge buutgifter. Dette fører til at bustøtta får ei klårare rolle i høve til andre offentlege ytingar.

Departementet gjer framlegg om følgjande føremål med bustøtta:

«Bustøtta skal sikre dei med låg inntekt og høge buutgifter ein høveleg bustad.»

I den vidare gjennomgangen av dei nye reglane blir føremålet tydelegare.

3.3 Kven som kan få bustøtte

3.3.1 Krav til søkeren – personavgrensing

Personar over 18 år og som er folkeregistrerte og lovleg busette i Noreg, kan i dag få bustøtte. Der som søkeren har barn, kan han vere under 18 år.

Vidare blir det stilt krav om at det er ein person over 65 år eller eit barn under 18 år i husstanden. Om det ikkje er tilfelle, må éin i husstanden ta imot ei offentleg yting for at husstanden skal kunne få bustøtta.

Slike offentlege ytingar kan anten vere langtids- eller korttidsytingar. Langtidsytingar som gir rett til bustøtte, er alders-, uføre- og attlevandepensjon frå folketrygda og annan tilsvarande offentleg pensjon. Dette gjeld krigspensjon, fast yrkesskadeerstatning eller grunn- eller hjelpestønad. Dei som får sosialhjelp over lang tid, kan også få bustøtta. Korttidsytingar som gir rett til bustøtte, er atføringspengar, rehabiliteringspengar, tidsavgrensa uførestønad, introduksjonsstønad og kvalifiseringsstønad. Tilsvarande ytingar frå eit anna EØS-land gir også rett til bustøtta.

Kravet om at dei som ikkje har barn, må ta imot ei offentleg yting, fører til at mange aleinebuarar og par utan barn ikkje kan få bustøtte sjølv om dei fyller krava til økonomisk behovsprøving.

Studentar og militært og sivilt tenestepliktige får støtte til bustad gjennom eigne ordningar. Dei får derfor ikkje bustøtte i dag og treng det heller ikkje i framtida.

For nokre deltakrarar på introduksjonsprogrammet for flyktninger som nyleg har komme til landet, og for deltakrarar på kvalifiseringsprogrammet for arbeidsmarknaden, kan studiet vere ein del av programmet. Det er da urimeleg at dei skal miste bustøtta fordi dei studerer.

Studentar med barn får bustøtte i dag, og det er rimeleg at dei framleis skal få det.

Departementet gjer framlegg om at alle personar over 18 år som er folkeregistrerte og lovleg busette i Noreg, kan få bustøtta. Unntaka er studentar og militært eller sivilt tenestepliktige. Søkjarar under 18 år, studentar som har barn, og dei som studerer som eit ledd i eit program for arbeidskvalifi-

sering, og som ikkje får støtte frå Lånekassa, kan òg få bustøtte.

3.3.2 Krav til utforming av bustaden – bustadavgrensing

3.3.2.1 Hovudregel

Krav til utforming av bustaden skal sikre at òg dei som har svak økonomi, skal kunne bu trygt og godt i ein høveleg bustad.

Det blir stilt krav om ei nedre grense for godkjend kvalitet av bustaden. Krava for kor høg kvalitet bustaden kan ha, blir indirekte gitt gjennom grenser for kor høge buutgifter som tel med ved utrekning av bustøtta, omtala som buutgiftstak.

I dag er det eit krav at bustaden skal vere godkjend for bruk heile året. I hovudregelen skal bustaden vere på minst 40 m², ha eigen inngang og eige kjøkken, soverom, oppholdsrom og bad.

Nokre grupper er ikkje omfatta av bustadkrava. Det er dei med alders-, uføre- og attlevandepensjon med ei inntekt lågare enn minstepensjonen pluss 30 prosent, og dei som får introduksjons- eller kvalifiseringsstønad. Heller ikkje dei som bur i omsorgsbustader som er finansierte med oppstartstilskot frå Husbanken eller i tidlegare husleigeregulerte bustader i Oslo og Trondheim, og som var busette der per 31.12.1999, er omfatta av bustadkrava.

Ein må setje bustadkrava i samanheng med den tidlegare rolla til bustøtta for å hjelpe låntakarar i Husbanken med svak økonomi. I låneordningane til Husbanken er det ikkje lenger noko krav til bustadreal eller krav om at bustaden må ha separat kjøkken og soverom. Desse krava er erstatta med funksjonskrav. Funksjonskrava inneber mellom anna at bustaden skal gi høve til kvile og matlaging, men utan at det må vere eigne rom for desse funksjonane.

Mange bebuarar i mindre bustader utan eige kjøkken og/eller soverom blir i dag haldne utanfor bustøtta på grunn av desse krava. Det omfattar mellom andre dei som bur i moderne bustader med opne kjøkkenlösningar og eittromsbustader. Det er mange slike bustader i Noreg, og mange med svak økonomi bur slik.

Departementet gjer framlegg om å erstatte dei krava til bustadkvalitet som gjeld i dag, med funksjonskrav. Bustaden må vere godkjend for bruk heile året og vere ein sjølvstendig bustad med eige inngang, med høve til kvile og matlaging og med eige bad og toalett. Unntak gjeld for dei som fekk bustøtte før 1. juli 2009, og som da ikkje var omfatta av bustadkrav.

3.3.2.2 Kommunale, sosiale utlegebustader

I dag kan bebuarar i kommunalt disponerte, sosiale utlegebustader og omsorgsbustader med oppstartstilskot frå Husbanken få bustøtte, medan bebuarar på institusjonar som er regulerte etter sosialteneste- eller kommunehelsetenestelova, ikkje kan få bustøtte.

Ikkje alle dei kommunale bustadene innfrir bustadkrava etter hovudregelen. Det kan mellom anna vere bukollektiv der kvar bueining ikkje er ein egen, sjølvstendig bustad med eigen inngang, og der heller ikkje alle har høve til matlaging. Demente og psykisk utviklingshemma kan til dømes bu i slike bukollektiv. Bebuarar i slike bustader kan få bustøtte i dag, og det kan vere rimeleg at dei framleis skal kunne få det. Avgrensinga mot institusjonar bør haldast ved lag.

Departementet gjer framlegg om at unntak frå bustadkravet kan bli gitt for kommunalt disponerte, sosiale utlegebustader som ikkje er regulerte til institusjon etter sosialteneste- eller kommunehelsetenestelova.

3.3.2.3 Krav til finansiering av bustaden

For nokre grupper er det framleis eit krav at bustaden må vere finansiert med eit lån i Husbanken eller Innovasjon Noreg, og at lånet ikkje kan vere nedbetalt. Kravet gjeld for personar med alders-, uføre- og attlevandepensjon som har ei inntekt over minstepensjonen pluss 30 prosent, og for dei som ikkje bur i burettslag eller i kommunale bustader.

Bustøtta har tradisjonelt blitt sett i nært samband med låna til Husbanken. Utvidinga av bustøtta i 1970-åra kom fordi renteauken på husbanklån ikkje skulle råke låntakarar med låg inntekt. Slik skulle òg dei med låg inntekt bli sikra eit eige, høveleg husvære. Kravet om husbankfinansiering skulle òg sikre at bustaden var av god, men nøktern standard. Opphavleg hadde alle mottakarane det same kravet til finansiering. Over tid har kravet blitt lempa på for stadig fleire grupper.

Kravet gjer bustøtta mindre effektiv i arbeidet mot fattigdom. Kravet til finansiering gjer at søkerane blir handsama ulikt. Kravet fører òg til at kreditinstitusjonar blir handsama ulikt, noko som kan vere i strid med konkuransereglane.

Departementet tilrar at kravet om finansiering av bustaden blir fjerna, og at endringa skal gjelde for alle.

3.4 Utrekning av bustøtta

3.4.1 Innleiing

I dette kapitlet blir det tilrådd nye reglar for utrekning av bustøtta.

Formelen for utrekning av utbetalt bustøtte er slik:

$$\text{Utbetalt bustøtte} = \text{Dekningsprosent} * (\text{Buutgifter} - \text{Eigendel})$$

Det finst reglar for kva buutgifter som blir godkjende. Storleiken på dei godkjende utgiftene blir avgrensa av eit tak og eit golv. Eigendelen er den delen av buutgiftene som søkeren må dekkje sjølv. Kor stor eigendelen blir, er avhengig av inntekt, formue og talet på personar i husstanden. Dekningsprosenten avgjør kor stor del av differansen mellom buutgiftene og eigendelen som blir utbetalt. Kapitelet blir avslutta med ein omtale av grensa for minste utbetaling.

3.4.2 Buutgifter


3.4.2.1 Hovudregel for å få dekt driftskostnader etter disposisjonsform

I dag varierer reglane for kva som blir lagt til grunn for dei godkjende buutgiftene, alt etter korleis bustaden er disponert, det vil seie om bustaden er sjølveigd, om han er ein del av eit burettslag, eller om han er leigd.

For leigde bustader blir faktisk leige lagd til grunn, og for bustader i burettslag blir faktiske felleskostnader lagde til grunn. Husbanken fastset reglar for kva utgifter som kan inngå i husleiga og felleskostnadene.

For alle sjølveigarar gjeld andre reglar for å få dekt utgifter til drift, vedlikehald og offentlege avgifter. Her blir utgiftene delvis utrekna og delvis dekte etter faktiske kostnader.

Det inneber at dei som bur i sameige med felleskostnader, får utrekna utgiftene til drift, vedlikehald og offentlege avgifter, jamvel om slike kostnader blir dekte over felleskostnadene. For dei som bur i burettslag, blir slike utgifter dekte som faktiske utgifter. Det stirr mot prinsippet om lik handtering at felleskostnadene ikkje blir brukt for dei som bur i sameige. Samtidig er det lite treffsikkert og effektivt å rekne ut desse kostnadene når faktisk kostnad er kjend.



Figur 3.1 Framlegg om utrekning av bustøtta for ein person utanfor pressområda. Kroner per år.

Departementet tilrår å endre hovudregelen slik at sjølveigarar som har felleskostnader, får desse kostnadene lagde til grunn for utrekninga av bustøtte.

3.4.2.2 Utgifter til drift for sjølveigarar utan felleskostnad

I dag blir utgifter til drift, vedlikehald og forsikring for sjølveigarar dekte med ein sjablong. Sjablongen varierer etter storleiken og alderen på bustaden. Kommunale avgifter blir òg dekte med ein sjablong. Sjablongen blir fastsett for kvar kommune, etter nivået på dei kommunale avgiftene. Denne sjablongen varierer òg etter storleiken på bustaden. Eventuell skatt på eigedom og festeavgift inngår med faktiske kostnader.

Som omtala i førre avsnitt tilrår departementet å la felleskostnadene inngå i dei godkjende buutgiftene for sjølveigarar som har felleskostnader. Om tilrådinga blir teken til følgje, kjem ikkje mottakarar i sameige lenger til å få utrekna utgifter til mellom anna drift. Da vil det i hovudsak berre vere eine- og tomannsbustader som framleis får dekt kostnadene til drift med ein sjablong. Storleiken til bustadene vil da vere meir lik kvarandre. Argumenta for å variere sjablongane etter storleiken på bustaden blir dermed svekka. Målet om enkle reglar tilseier òg at ein bør redusere talet på sjablongar.

Sjablongen for utgifter til vedlikehald aukar med alderen på bustaden. Men røynsle tilseier at utgifter til mindre vedlikehald varierer lite med alderen på bustaden. Større vedlikehald blir som oftest finansiert med lån. Det blir tilrådd at låneutgifter til kjøp og nødvendig vedlikehald av bustaden framleis skal inngå i dei godkjende buutgiftene. Det er heller ikkje sikkert at sjablongane som skal dekkje kostnader til vedlikehald av eldre bustader, faktisk blir brukte til føremålet. Dette er argument for å ikkje variere sjablongen etter alderen på bustaden.

Sjablongen for kommunale avgifter varierer i dag mellom kommunane og etter storleiken på bustaden. Nivået på dei kommunale avgiftene varierer relativt mykje frå kommune til kommune. Det er riimeleg at sjablongen framleis tek omsyn til det. Men som det vart påpeikt over, vil bustadene som kjem inn under denne regelen i framtida, variere lite i storleik. Målet om enkle reglar tilseier da at heller ikkje denne sjablongen treng å ta omsyn til storleiken på bustaden.

Skatt på eigedom og festeavgifter varierer mykje frå bustad til bustad. Å dekkje utgiftene med ein sjablong er da lite treffsikkert. Desse utgiftene bør derfor bli dekte med faktiske kostnader, som i dag.

Departementet tilrår å dekkje utgifter til drift, vedlikehald og forsikring for sjølveigarar som ikkje har felleskostnader, med ein fast sjablong for alle. Det blir tilrådd at denne sjablongen blir sett til 12 000 kroner per år ved innføringa av ny bustøtteordning. Det blir tilrådd at kommunale avgifter blir dekte med ein sjablong for kvar kommune. Det blir tilrådd at skatt på eigedom og festeavgift inngår med faktiske kostnader.

3.4.2.3 Utgifter til oppvarming

I dag får personar med alders-, uføre- og attlevandepensjon og ei inntekt lågare enn minstepensjonen pluss 30 prosent, dekt utgifter til lys og varme med ein sjablong. Sjablongen varierer i storlek etter talet på personar i husstanden og etter klimasone. Sjablongen varierer mellom vel 3 600 kroner per år for ein som bur aleine i den varmaste klimasona, til 10 800 kroner per år for ein husstand med fem eller fleire personar i den kaldaste klimasona, jamfør tabell 3.1. Sjablongen inngår ikkje i dei utgiftene som blir avgrensa av taket på buutgiftene.

For ein del mottakarar blir utgifter til oppvarming dekte over husleiga eller felleskostnaden. I dag kan mottakarane derfor få dekt utgifter til oppvarming to gonger, både over husleiga eller felleskostnaden og som sjablong. Departementet tykkjer dette er urimeleg og gjer derfor framlegg om at sjablongen for oppvarming går til dei som ikkje får dekt denne kostnaden på annan måte.

Inndelinga i klimasoner kan verke vilkårleg og blir da lite treffsikker. Omsynet til enkle reglar tilseier at sjablongen ikkje skal ta omsyn til klimasoner.

Sjablongen aukar i storlek med fleire personar i husstanden. Dette er naturleg sidan store husstandar treng større bustader og derfor har høgare utgifter til oppvarming. Husstandar med éin og to personar utgjer 97 prosent av dei som har sjablong til oppvarming i dag. Større husstandar får auke bustøtte som følgje av andre endringar. Målet om enklare reglar tilseier da at det berre blir gitt éin fast sjablong for alle.

I dag har dei som får sjablong til oppvarming, eit høgare effektivt tak for buutgiftene enn andre fordi sjablongen for utgifter til oppvarming blir dekt over taket. Det stirr mot målet om lik handsaming og enkle reglar. Det er vanskeleg å gi nokon god grunn til at det bør vere slik. Det blir no tilrådd å auke taket for buutgiftene. Auken er noko høgare enn verdien av den sjablongen dei fleste av desse husstandane har i dag. Dei vil derfor ikkje få nokon samla reduksjon i det faktiske taket dersom sjablongen går inn som andre godkjende kostnader.

Tabell 3.1. Sjablong til oppvarming etter talet på personar i husstanden og klimasone. Desember 2007

Klima-sone		1 person	2 personar	3 personar	4 personar	5 el fl personar	I alt
1	Talet på mottakarar	10 185	377	132	68	27	10 789
	Sats pr år. Kr	5 850	6 660	7 470	9 000	10 800	
2	Talet på mottakarar	30 363	1 580	531	265	274	33 013
	Sats pr år. Kr	4 420	5 032	5 644	6 800	8 160	
3	Talet på mottakarar	18 414	676	237	134	81	19 542
	Sats pr år. Kr	3 640	4 144	4 648	5 600	6 720	
<i>Talet på mottakarar</i>		<i>58 962</i>	<i>2 633</i>	<i>900</i>	<i>467</i>	<i>382</i>	<i>63 344</i>

Sjablongen er i dag avgrensa til personar med alders-, uføre- og attlevandepensjon som har ei inntekt lågare enn minstepensjonen, pluss 30 prosent. Med omsyn til målet om enkle reglar kan det vere rimeleg å fjerne grensa for inntekt slik at sjablongen blir gitt til alle med alders-, uføre- og attlevandepensjon som elles fyller krava for å få bustøtte.

Departementet tilrår at utgifter til oppvarming av bustaden blir dekte med ein sjablong for alle med alders-, uføre- og attlevandepensjon som ikkje får denne utgelta dekt over husleiga eller felleskostnaden. Sjablongen skal vere lik for alle og inngå i utrekninga av bustøtta som andre godkjende buutgifter. Det blir tilrådd at sjablongen blir sett til 6 000 kroner per år når den nye bustøtteordninga blir innført.

3.4.2.4 Finansieringskostnader for lån til bustad

For sjølegeigarar og for dei som bur i burettslag, blir renter og avdrag på bustadlån i dag godkjende som buutgifter. Lånet kan vere gitt til bygging, kjøp og utbetring av bustad. Utgifter til lån i Husbanken og Innovasjon Noreg blir rekna ut frå faktisk restgjeld og gjeldande rente- og avdragsvilkår. For andre bustadlån blir renter og avdrag utrekna.

Bustøtta har tradisjonelt blitt sett i nært samband med husbanklån. Da var det naturleg at renter og avdrag på låna blei rekna med i bustøtta.

Å eige bustaden sin sjølv, anten som sjølegeigar eller i burettslag, gir over tid lågare bukostnader enn å leige. Av dei med dei dårligaste levekåra i landet er det fleire som leiger enn hjå resten av folket. Dei som eig bustaden sin, får i motsetnad til dei som leiger, høve til å opparbeide bustadkapital. Barn av eigarar arvar i regelen meir enn barn av leigarar. Å hjelpe folk til å opparbeide bustadkapital er derfor eit vesentleg bidrag for å hjelpe vaksne og barn ut av fattigdom.

Bustøtta bør derfor framleis medverke til at folk establerer seg i bustad som dei eig. Ved å la utgifter

til bustadlån inngå i dei godkjende buutgiftene får vanskelegstilte støtte til å etablere seg i bustad som dei eig, og hjelp til å halde på bustaden.

Enkelte kan velje kor store avdrag dei vil betale på bustadlånet. Det kan òg vere uvisse knytt til om eit lån med pant i bustaden faktisk er nytta til kjøp eller utbetring av bustaden. Desse innvendingane er argument for å halde avdrag utanfor utrekninga av bustøtta. Det er òg slik at mange husstandar med låg inntekt ikkje har høve til å avgjere sjølve om dei vil betale avdrag eller ikkje. Utgelta blir da nødvendig. Gjennom kontroll kan ein sikre at lånet har blitt brukt til bustadføremål, og at bustøtta faktisk blir brukt til å betale renter og avdrag på lånet.

Departementet tilrår at utgifter til renter, avdrag og vanlege gebyr på bustadlån framleis skal inngå i dei godkjende buutgiftene. Samtidig vil departementet skjerpe inn kontrollen for å sikre at låna faktisk er blitt brukte til bustadføremål, og at låneutgiftene faktisk blir betalte.

3.4.2.5 Frådrag for skattefri utleige av rom i eigen bustad

I dag blir dei godkjende buutgiftene reduserte for skattefri utleige av rom i eigen bustad. Frådraget blir bestemt etter talet på rom i bustaden og etter talet på utleigde rom. Frådraget for kvart utleigd rom i ein bustad med 2 rom er 35 prosent, i ein bustad med 3 rom 30 prosent, i ein bustad med 4 rom 25 prosent og i ein bustad med 5 eller fleire rom 20 prosent.

Det kan verke lite treffsikkert å bruke ein sjablong for å rekne ut denne inntekta. Da kan det vere betre å legge dei faktiske leigeinntektene til inntekta til sokjarane.

Departementet tilrår å endre reglane slik at inntekter frå skattefri utleige blir lagde til inntekta.

3.4.3 Taket for buutgifter – høgste godkjende buutgift

3.4.3.1 Taket for buutgifter etter storleik på husstanden og type sokjar

Taket for buutgiftene varierer i dag etter talet på personar i husstanden. Nokre sokjarar får dessutan eit tak som om dei var éin person meir i husstanden.

Taket for dei årleg godkjende buutgiftene er for husstandar med 1–2 personar 55 000 kroner, med 3 personar 59 500 kroner, med 4 personar 64 000 kroner og med 5 personar eller fleire 68 500 kroner.

Taket for dei godkjende buutgiftene har lege fast over fleire år samtidig med at prisane på bustader og for leige av husvære, har stige. I første kvarthal av 2008 hadde 38 prosent av dei som tok imot bustøtte, buutgifter over taka. Det er derfor ønskjeleg å auke taka.

I dag har uførepensionistar og bebuarar som bur i husstandar med særleg høge utgifter på grunn av tilpassingar til ei funksjonshemmning, eit høgare tak for buutgiftene. Ut frå målet om lik handsaming av sokjarane er det vanskeleg å argumentere for at uførepensionistar skal ha eit høgare tak enn andre mottakarar. Det er rimeleg at dei som må ha ein større eller spesialtilpassa bustad for å kunne leve som andre, for eksempel dei som bruker rullestol, framleis skal ha eit høgare tak enn andre.

På dette grunnlaget tilrår departementet å heve taket for husstandar med 1 person til 61 000 kroner, med 2 personar til 64 000 kroner, med 3 personar til 67 000 kroner og med 4 og fleire personar til 70 000 kroner per år. Husstandar som kan dokumentere særleg høge buutgifter på grunn av at bustaden er blitt tilpassa ein funksjonshemma, kan søkje om å få godkjent høgare utgifter.

3.4.3.2 Geografiske variasjonar i taket

Høgare tak for buutgifter i pressområda skal kompensere for høgare bustadprisar.

Taket er 25 000 kroner høgare i Oslo, 20 000 kroner høgare i Bergen, Trondheim og Stavanger og 15 000 kroner høgare i Kristiansand, Drammen, Tromsø og Fredrikstad enn i resten av landet.

Bustad- og leigeprisane er høgare i dei store byane enn i resten av landet og høgst i dei største byane. Nabokommunar til dei store byane kan også ha like høge bustadprisar som i byane. Desse om-synna talar for å endre dei reglane som gjeld i dag.

Statistikk over prisar på selde bustader, leigeprisar og talet på mottakarar som får bustøtte med

buutgifter over tak, viser at det er kommunar rundt Oslo og Stavanger som kjem dårlegast ut samanlikna med dei taka som gjeld i dag. Fredrikstad og Drammen kjem svært godt ut.

Det kan også verke som om taka i storbyane har blitt sett noko høgt i høve til resten av landet. Statistikk over prisar i ulike delar av landet gir ikkje grunn til å ha så store skilnader som i dag. Om tillegget blir redusert med 5 000 kroner, får dei fleste husstandane i pressområda likevel høgare faktiske tak enn i dag, fordi det blir tilradd å auke taka for alle.

Departementet tilrår å setje taket i Oslo 20 000 kroner høgare enn i resten av landet, i Bergen, Trondheim, Tromsø, Stavanger og Bærum 15 000 kroner høgare og i Kristiansand, Skedsmo, Frogn, Lørenskog, Oppegård, Asker, Nesodden, Sola og Sandnes blir det tilradd å setje taket 10 000 kroner høgare enn i resten av landet. Det blir tilradd å setje taket i Drammen og Fredrikstad som for resten av landet.

3.4.4 Golvet for buutgiftene – minste godkjende buutgift

Dersom dei godkjende buutgiftene til ein sokjar er lågare enn minste godkjende buutgift, og omtala som golvet, får han ikkje bustøtte. Golvet varierer etter type sokjar.

For barnefamiliar, dei som tek imot attføringspengar, rehabiliteringspengar, tidsavgrensa uførestønad, grunnstønad, hjelpestønad eller yrkeskaderstatning eller tilsvarande, er golvet for dei godkjende buutgiftene for husstandar med 1–2 personar 16 800 kroner, med 3 personar 19 400 kroner, med 4 personar 21 100 kroner og for husstandar med 5 eller fleire personar 22 800 kroner per år.

For husstandar med ein person over 65 år eller med ein mottakar av alders-, uføre- eller attlevandepensjon eller tilvarande, er golvet for godkjende buutgifter for husstandar med 1 person på 14 400 kroner, med 2 personar 17 000 kroner, med 3 personar 18 700 kroner og for 4 personar eller fleire 20 400 kroner.

Det systemet som gjeld i dag, er komplisert og handsamar mottakarane ulikt.

Eigendelen er eit uttrykk for dei buutgiftene som mottakarane må betale sjølve. Minste eigendel representerer eit minimumsnivå for dei buutgiftene som kan gå inn i utrekninga av bustøtte. Minste eigendel og golvet for buutgiftene er dermed overlappende omgrep.

Golvet for ein sokjar med attføringspengar som bur aleine er 16 800 kroner, medan minste eigendel er 13 530 kroner. Det gir ein differanse på 3 270

kroner. Søkjarar med buutgifter mellom minste eigendel og golvet for buutgifter får ikkje utbetalte bustøtte fordi dei ikkje kjem over den tilrådde grensa for minste utbetalte støtte. Golvet for buutgifter har dermed ikkje nokon praktisk funksjon og kan bli fjerna utan at nokon merkar skilnad.

Departementet tilrår å fjerne golvet for buutgifte som omgrep i bustøtta.

3.4.5 Eigendel for buutgiftene

3.4.5.1 Minste eigendel

Ved utrekning av bustøtte kjem det til frådrag ein eigendel av buutgiftene som husstanden må dekkje sjølv. Særlege reglar gjeld for unge uføre og blir omtala i kapittel 3.4.6.

Eigendelen for buutgifter har ei nedre grense. Den minste eigendelen varierer i dag etter talet på personar i husstanden og etter type søker. Det er to hovudgrupper av søkerar: barnefamiliar med fleire og pensjonistar med fleire.

For barnefamiliar og husstandar der minst éin får attføringspengar, rehabiliteringspengar, tidsavgrensa uførestønad, grunnstønad, hjelpestønad, yrkesskadeerstatning eller sosialhjelp, gjeld denne regelen. Den minste eigendelen for denne gruppa er 16,5 prosent av ei årleg inntekt på 82 000 kroner for husstandar med 1–2 personar (13 530 kr), 97 000 kroner for husstandar med 3 personar (16 005 kr), 107 000 kroner for 4 personar (17 655 kr) og 117 000 kroner for husstandar med 5 personar eller fleire (19 305 kr).

Denne regelen gjeld for husstandar der minst éin er over 65 år eller éin får alders-, uføre- eller attlevandepensjon. Den minste eigendelen for denne gruppa er 16,5 prosent av ei årleg inntekt på 82 000 kroner for husstandar med 1 person (13 530 kr), 97 000 kroner for husstandar med 2 personar (16 005 kr), 107 000 kroner for 3 personar (17 655 kr) og 117 000 kroner for husstandar med 4 personar eller fleire (19 305 kr).

Den minste eigendelen er i dag høgare for husstandar med fleire personar enn for ein som bur aleine. Det er vanskeleg å forsvare at eigendelen skal vekse med talet på personar i husstanden. Store husstandar har ikkje betre økonomi enn små einingar, snarare tvert om. Det er heller inga god forklaring på kvifor det er ulike reglar for gruppa med barnefamiliar med fleire og gruppa med pensjonistar med fleire.

Buutgifter som er lågare enn minste eigendel, må mottakarane dekkje sjølv. I tillegg må grensa for minste utbetaling bli teken med i vurderinga. Det blir tilrådd å setje grensa til 3 600 kroner per år,

eller 300 kroner i månaden. Sett i høve til dei nivåa for minste eigendel som er i dag, inkludert pris- og inntektsvekst, så kan ein minste eigendel på 15 000 kroner per år vere eit rimeleg framlegg. Den reelle grensa for å få bustøtte blir da vel 20 000 kroner per år, eller nærmare 1 700 kroner per månad. Dei som har lågare buutgifter enn desse, må dekkje dei sjølv.

Departementet tilrår å endre reglane slik at minste eigendel blir lik for alle utan omsyn til talet på personar i husstanden eller type søker. Det blir tilrådd at minste eigendel blir sett til 15 000 kroner per år når den nye bustøtteordninga blir innført.

3.4.5.2 Hovudregel for utrekning av eigendel

Eigendelen over nivået for den minste eigendelen blir bestemt som ein prosentsats av inntekta. Eigendelen aukar dermed med inntekta, jamfør figur 3.1.

Eigendelen er 16,5 prosent av inntekta når den årlege inntekta til husstanden er under 112 001 kroner og mottakaren bur aleine, når inntekta er under 130 001 kroner og 2 bur saman, når inntekta er under 133 001 kroner og 3 bur saman, og når inntekta er under 144 001 kroner og 4 bur saman. Deretter veks grensa med 10 000 kroner for kvar ekstra person i husstanden. For inntekter på desse nivåa og høgare veks satsen for eigendelen med 0,3 prosentpoeng for kvar 1 000 kroner inntekta aukar.

Utrekninga av eigendelen for store husstandar kan bli synlegare og enklare ved å nytte personvekter. Kvar person får ei vekt. Det kan vere aktuelt å gi barn og vaksne ulike vekter. I samband med buutgifter er det ikkje gitt kva som er det mest korrekte. Målet om enkle reglar tilseier at det bør vere like vekter for vaksne og barn. Ein skala for personvektene der første person har vekta éin, og dei påfølgande har vekta 0,1, gir større husstandar lågare eigendel enn i dag. Ein familie på fire vil da få ei personvekt på 1,3 ($1,0 + 0,1 + 0,1 + 0,1$).

Grensene for innslag av prosentsatsane har ikkje vore oppjusterte i takt med inntektsveksten. Det kan derfor vere rimeleg å auke desse grensene. Departementet legg til grunn å auke punktet der prosentsatsen for eigendelen slår inn frå 82 000 til 90 000 kroner (k1 i figur 3.1). Grensa for progressiv opptrapping av prosentsatsen kan da tilsvarende bli heva frå 112 000 til 131 000 kroner per år (k2 i figur 3.1). 131 000 kroner tilsvarer den likna inntekta ein minstepensjonist utan anna inntekt, gjeld eller annan formue fár for inntektsåret 2008. Det er denne inntekta som blir lagd til grunn for utrekninga av bustøtta frå 1. juli 2009. Dette sikrar at minstepensjonistar utan anna inntekt eller med liten formue

ikkje når nivået for progressiv opptrapping av satsen for utrekning av eigendelen.

Desse betringane gir rom for å setje prosentsatsen opp att til 17,0, som han var på tidlegare.

Formelen som blir brukt for å rekne ut eigendelen, kan også bli endra. I dag blir eigendelen rekna som ein prosentsats av heile inntekta, når ho overstig grensa for den minste eigendelen. I staden kan den minste eigendelen bli lagd til grunn. Til denne kan ein så leggje til ein prosentsats av den delen av inntekta som går over inntektsgrensa.

Departementet tilrår å endre hovudregelen for utrekning av eigendel. For inntekter opp til 90 000 kroner per år blir eigendelen lik den minste eigendelen, som for tida er 15 000 kroner per år. For inntekter over dette nivået blir eigendelen lik den minste eigendelen pluss ein prosentsats av den delen av inntekta som overstig 90 000 kroner. Satsen er føreslegen til 17,0 prosent opp til ei inntekt på 131 001 kroner.

For inntekter over 131 000 kroner veks eigendelen progressivt ved at det blir lagt til eit toppledd. Dette leddet er ein prosentsats av heile inntekta. Frå 131 001 kroner er satsen 0,3 prosent. Han aukar deretter med 0,3 prosentpoeng for kvar 1 000 kroner inntekta aukar over dette nivået.

Vidare blir det tilrådd at inntekta som blir brukt i utrekninga, blir korrigert for storleiken på husstanden. Det blir gjort ved at inntekta til husstanden blir dividert på summen av personvektene for husstanden. Den første personen i husstanden har vekta éin, medan dei påfølgande personane har vekta 0,1.

3.4.6 Særreglar for unge uføre

3.4.6.1 Innleiing

Folketrygdlova har forskrifter om unge uføre i §§ 3–21 og 3–22 som fastset at unge uføre er personar som på grunn av alvorleg sjukdom, skade eller lyte blir uføre før dei har fylt 26 år. Sjølve uføretidspunktet må vere før ein har fylt 26 år. Retten til uførepensjon kan ein få fleire år etter dette.

Dei særlege reglane om bustøtte for unge uføre gjeld berre mottakarar som har ordinær uførepensjon.

sjon. Reglane gjeld ikkje personar som har korttidsytting etter reglane for unge uføre, som til dømes tidsavgrensa uførestønad, rehabiliteringspengar eller attføringspengar. Særreglane for unge uføre fell bort når dei får alderspensjon.

Ein person som er fødd ufør, eller som blir ufør i ung alder, har ikkje dei same høva til opptening av poeng i folketrygda som andre som kan ta lønt arbeid. For å bøte på dette får unge uføre ein garantert minste tilleggspensjon. Såleis har for tida unge uføre ein årleg garantert minste tilleggspensjon på om lag 174 000 kroner når dei bur aleine. Pensionistar på ordinær minstepensjon får om lag 136 000 kroner.

3.4.6.2 Særreglar for unge uføre

Dei unge uføre er i dag omfatta av to sett med reglar i bustøtta:

1. for alle unge, uføre aleinebuarar med eller utan barn og for alle husstandar med inntekt over garantert minste tilleggspensjon pluss 30 prosent
2. for husstandar med fleire vaksne personar med ei inntekt lågare enn garantert minste tilleggspensjon pluss 30 prosent

Reglar for gruppe 1

Husstanden får lagd til grunn eit tak for godkjende buutgifter og ein skala for utrekning av eigendel som om det var to personar meir i husstanden.

Taket for dei godkjende buutgiftene blir da 59 500 kroner per år for ein som bur aleine, 64 000 kroner når to bur saman og 68 500 kroner når tre eller fleire bur saman.

For dei som har ei inntekt som er lågare enn minste tilleggspensjon pluss 30 prosent, kjem i tillegg regelen om at sjablongen til oppvarming ikkje blir avgrensa av taket. Det reelle taket for dei samla buutgiftene blir derfor høgare, tilsvarende verdien av sjablongen.

Minste eigendel er 17 665 kroner per år (16,5 prosent av 107 000 kr) for ein som bur aleine, og 19 305 kroner (16,5 prosent av 117 000 kr) når to eller fleire bur saman.

Tabell 3.2 Unge uføre som fekk bustøtte i april 2008.

	Talet på mottakarar	Likna inntekt for husstanden i gjennomsnitt. Kr	Talet på personar i husstanden i gjennomsnitt
Unge uføre i alt	16 811	157 414	1,13
Regelgruppe 1	16 198	154 715	1,05
Regelgruppe 2	613	228 731	3,38

For årlege inntekter over 107 000 kroner for ein som bur aleine, og over 117 000 kroner når fleire bur saman, er eigendelen ein prosentsats av inntekta. Prosentsatsen er 16,5 for inntekter inntil 133 001 kroner for ein som bur aleine, og inntil 144 001 kroner når to bur saman. Deretter veks grensa med 10 000 kroner for kvar ekstra person i husstanden. For inntekter over desse nivåa veks prosentsatsen for eigendelen med 0,3 prosentpoeng for kvar 1 000 kroner inntekta aukar per år.

Reglar for gruppe 2

Denne gruppa har betre vilkår for utrekning av eigendel enn andre.

Minste eigendel er 19 305 kroner (16,5 prosent av 117 000 kr) og gjeld for inntekter under 117 000 kroner per år. Minste eigendel er lik for alle husstandar, uavhengig av talet på personar som bur saman.

For årlege inntekter over 117 000 kroner er eigendelen ein prosentsats av inntekta. Prosentsatsen er 16,5 for inntekter inntil 144 001 kroner når to bur saman, for inntekter inntil 185 001 når tre bur saman, og for inntekter inntil 228 001 kroner når fire eller fleire bur saman. For inntekter over desse nivåa veks prosentsatsen for eigendelen med 0,3 prosentpoeng for kvar 1 000 kroner inntekta aukar.


I tillegg blir inntekta justert ned før eigendelen blir rekna ut. For kvar ung ufør over 20 år blir det trekt 37 515 kroner frå årsinntekta, og for kvart barn under 20 år blir det trekt 24 864 kroner.

I tillegg kjem regelen om at sjablongen til oppvarming ikkje blir avgrensa av taket. Det reelle taket for dei samla buutgiftene blir derfor høgare enn for andre, tilsvarande verdien av sjablongen.

3.4.6.3 Vurderingar og tilrådingar

Ut frå eit mål om lik handsaming av dei som får bustøtte, skulle særreglane for unge uføre ha vore avvikla. Ytingane dei får, ligg godt over det andre med same inntekt eller pensjon får. Å redusere satane for unge uføre ned til dei satsane som i dag gjeld for andre, ville redusere utbetalingane av bustøtte svært mykje. Det er ikkje ønskjeleg med slike endringar.

Unge uføre får noko høgare trygd enn andre med same opptening fordi dei ikkje har høve til å tenne seg opp poeng i folketrygda som andre. Det kan vere rimeleg at denne meirytinga ikkje skal føre til urimeleg avkorting i bustøtta. Desse omsyna tilseier at unge uføre framleis bør få høgare ytingar i bustøtta enn andre med same inntekt. I tråd med framlegget for andre pensjonistar kan det vere rimeleg at heller ikkje unge uføre skal få ein høgare



Figur 3.2 Framlegg om utrekning av bustøtta for ein ung ufør samanlikna med andre aleinebuarar utanfor pressområda. Kroner per år.

sats på eigendelen enn 17,0 prosent av inntekta på det lågaste nivået for pensjonen. Da må innslagspunktet for den progressive delen av eigendelen vere lik den likna inntekta ein ung ufør utan anna inntekt, gjeld eller anna formue, har. Frå juli 2009 kjem dette til å tilsvare ei likna inntekt på om lag 169 000 kroner.

Unge uføre har eigne reglar for å fastsetje eigendelen. Dei har samtidig eigne og høgare satsar for minste eigendel. Dette stirr mot måla om lik handsaming og enkle reglar. Det kan derfor vere rimelig at unge uføre får utrekna eigendelen etter dei same reglane som andre. Eigendelen kjem da til å bli lågare enn i dag.

Sidan eigendelen blir redusert, og taket blir høgare for alle, kan taket for unge uføre bli som for andre utan at det råkar spesielt mange. Det gir enklare reglar. Dei som kan dokumentere høgare buutgifter på grunn av nedsett funksjonsevne, kan få eit høgare tak, som nemnt tidlegare.

Om framlegga til endringar i utrekninga av eigendel for unge uføre blir tekne til følgje, er det ikkje lenger nødvendig å halde fram med to ulike sett med reglar for dei to gruppene av unge uføre. Inndelinga i dei to regelgruppene har heller ikkje lenger nokon god grunn. Med eitt sett av reglar for unge uføre blir alle dei unge uføre handsama likt, og reglane blir langt enklare.

Sidan ei så stor forenkling av reglane kan redusere utbetalinga for nokre mottakarar, kan det vere rimeleg å gi dei som fekk bustøtte før omlegginga, ein kompensasjon for eventuelle tap. Kompensasjonen bør vere avgrensa til reduserte utbetalingar av bustøtte på grunn av omlegging av særreglane for unge uføre, knytte til utrekning av eigendel og tak for buutgiftene.

Departementet tilrår at unge uføre framleis skal ha høgare ytingar enn andre. Det blir gjort framlegg om at unge uføre skal ha eit innslagspunkt for den progressive delen av eigendelen på 169 000 kroner frå 1. juli 2009. For dei som fekk bustøtte før omlegginga, blir det tilrådd ei kompensasjonsordning som skal sikre dei mot lågare utbetalingar av bustøtte på grunn av omlegginga av særreglane for utrekning av eigendel og tak for buutgiftene.

3.4.7 Inntekt

3.4.7.1 Val av omgrep for inntekt

I dag blir det høgste beløpet av personinntekt og allmenn inntekt nytta ved utrekning av bustøtta. Om allmenn inntekt blir nytta, blir eit beløp som tilsvarer minstefrådraget, lagt til inntekta. Siste avslutta skattelikning blir lagd til grunn for utrekninga.

Inntektsomgrepet i bustøtta har blitt utgreidd av Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR 2006: *Inntektsbegrepet i bostøtten*. Barlindhaug og Fjærli). Målet med utgreiinga var å sikre at inntektsomgrepet som blir nytta, er mest mogleg presist, legitimt og brukande slik at det speglar dei økonomiske evnene til husstandane. Ut frå desse måla tilrådde NIBR å gå over til å nytte disponibel inntekt etter skatt. Ulempa med dette omgrepet er at det ikkje kan bli henta frå likninga. Å nytte dette omgrepet ville dermed krevje langt meir administrasjon og gi større avvik i tid mellom inntektsperioden og perioden for utrekning av bustøtta.

Å nytte registerdata frå skattelikninga gir høg presisjon og låge administrative kostnader. Frå skattelikninga kan det bli henta ut personinntekt og allmenn inntekt. For hovudtyngda av mottakarane er det små skilnader mellom desse to omgrepene. Skilnaden er størst for dei som har renteutgifter eller kapitalinntekter. For dei som har lån og renteutgifter, vil allmenn inntekt vere lågare enn personinntekta. For dei som har kapitalinntekter, vil allmenn inntekt vere høgare enn personinntekta.

Departementet tilrår å halde fram med den hovedregelen som gjeld i dag. Det høgste beløpet av personinntekt og allmenn inntekt frå den siste likninga kjem til å bli brukt ved utrekning av bustøtta.

3.4.7.2 Inntektene til barn

I dag blir inntektene frå alle i husstanden tekne med i utrekninga av bustøtte, òg inntektene til barna. Ungdommar som til dømes går med avisar etter skoletid, får inntekta frå dette arbeidet lagd til inntekta for resten av husstanden. Dermed kan utbetalinga av bustøtte bli avkorta og i verste fall falle heilt bort. Det kan verke urimeleg. Barn i familiar med svak økonomi kan bli ytterlegare stigmatiserte. Eit fribeløp for inntektene til barn som bur heime kan her vere ei løysing. Eit beløp på 30 000 kroner per barn per år blir vurdert som rimeleg.

Departementet tilrår å innføre eit fribeløp for inntekt på 30 000 kroner per barn per år for barn som bur heime.

3.4.8 Formue

3.4.8.1 Innleiing

Bustøtta er ei strengt behovsprøvd ordning. Formue inngår derfor i utrekninga av støtta. Det blir gjort ved å plusse på ein del av formuen på inntekta. Nettoformue frå likninga blir nytta. I nettoformuen inngår både finans- og realformue, det vil seie både bankinnskot, verdipapir og bustadformue, medan all gjeld blir trekt ifrå.

I dag blir 6 prosent av nettoformuen over 200 000 kroner for ein som bur aleine, og over 250 000 kroner når to eller fleire bur saman, lagt til inntekta. Dette gjeld både for dei som eig og for dei som leiger.

Tabell 3.3 syner at mottakarane av bustøtte samla hadde 6,8 mrd. kroner i netto formue i februar 2008. Det er i hovudsak eldre over 65 år og uføre under 65 år utan barn som har formue. Desse to sokjargrupsene har til saman ein netto formue på om lag 6,3 mrd. kroner.

I gjennomsnitt har alle mottakarar av bustøtte ein netto formue på 67 514 kroner. Av dei 58 prosentane av bustøttetakkene som har netto formue, er gjennomsnittleg nettoformue om lag 116 400 kroner. Størst gjennomsnittleg formue har eldre over 65 år.

Formuen fordeler seg slik at 42 prosent av mottakarane ikkje har netto formue, 46 prosent har netto formue under fribeløpa, og 12 prosent har formue som er større enn fribeløpa. Det er den siste gruppa som får avkorting i bustøtta i dag.

Den likna verdien på bustader er i gjennomsnitt om lag 20 prosent av marknadsverdien for bustaden. Likningsverdien kan vere så høg som 30 prosent, men det er heller ikkje uvanleg med likningsverdiar på 5–10 prosent av marknadsverdien. Dei som eig bustader, har derfor ein faktisk formue som er langt større enn det som kjem fram ved å nytte likningsverdien på bustadene og fritidsbustadene deira.

Kor stor avkortinga av bustøtta mot formue blir, er avhengig av kor høg inntekta er, og kor stor formuen er. For låge inntekter gir ein netto formue rett over fribeløpa låge utslag i bustøtta. Dei eldre, som har størst formue, har også relativt høge inntekter frå pensjon. Fordi dei med høg pensjon har progressiv sats for eigendel, blir avkortinga for formue høg.

Det er grenser for kor stor formue ein mottakar kan ha og framleis få bustøtte. Med dei reglane som gjeld i dag, kan sokjarar med minstepensjon ha ein netto formue på opp mot 1 mill. kroner og likevel få bustøtte.

3.4.8.2 Vurderingar og tilrådingar

I dag blir eigarar og leigarar handsama likt. Likna verdi av eigen bustad blir handsama likt med anna likna formue.

Bustøtta skal stimulere til at mottakarane etablerer seg i bustad, og til at dei kan bli buande i eigne bustader. Det tilseier at verdien av eigen bustad ikkje skal gi avkorting i bustøtta. Ved å nytte faktisk likningsverdi av eigen bustad i staden for sjablongar blir verdien av eigen bustad halden utanfor. For å avgrense ordninga mot for dyre bustader kan det vere rett å setje eit tak på fri likna verdi på bustaden. Ei utfordring er da at likningsverdien for bustader varierer mykje mellom bustader med lik marknadsverdi. Målet om enkle reglar og lik handsaming av sokjarane tilseier at det blir nytta eitt tak for alle bustader i heile landet. Taket kan da bli sett til likningsverdien for ein høveleg bustad i den dyreste prissona. Departementet legg til grunn at eit tak på 500 000 kroner kan sikre at dei fleste bustadene til målgruppa for bustøtta blir haldne utanfor utrekninga. Da omgår ein dei store skilnadene i likningsverdiane på bustader. Dei som bur i bustader med høgare likningsverdi, kan også få støtte, men da vil den delen av verdien på bustaden som er høgare enn taket, inngå i utrekninga.

Leigarar har i dag fri formue på 200 000 kroner om dei bur aleine, og 250 000 kroner om dei bur fleire saman. Sidan den reelle verdien av bustader er høgare enn den likna verdien, kan det vere rimelig å auke fribeløpet for dei som leiger. Det vil samtidig gi lågare samla avkorting for dei med lita for-

Tabell 3.3. Formuen til mottakarar av bustøtte. Februar 2008

	Talet på mottakarar i alt	Netto formue i alt. Kr	Netto formue i gjennomsnitt for alle. Kr
<i>Alle mottakarar</i>	<i>101 513</i>	<i>6 853 551 757</i>	<i>67 514</i>
Eldre over 65 år	34 588	4 537 238 930	131 180
Uføre under 65 år m/barn	2 211	45 929 683	20 773
Uføre under 65 år u/barn	30 056	1 800 854 991	59 917
Einslege forsørgjarar	16 413	226 780 083	13 817
Andre barnefamiliar	5 878	93 828 515	15 963
Andre med rett til støtte	11 226	99 620 239	8 874
Andre pensjonistar	1 141	49 299 316	43 207

mue. Departementet legg til grunn ei fri formue for alle som leiger, på 250 000 kroner.

Bustøtta skal vere ei strengt behovsprøvd ordning. Når ein sokjar med minstepensjon kan ha ein netto formue på nær 1 mill. kroner og likevel få bustøtte, kan det tilseie at ein bør skjerpe reglane. Departementet legg derfor til grunn ein auke i satsen for den del av formuen som er over fribeløpa, og som blir lagt til inntekta, frå 6 til 16 prosent.

Departementet tilrar at leigetakarar får netto likna formue inntil 250 000 kroner som eit fribeløp som blir halde utanfor utrekninga av bustøtta. For dei som eig bustaden sin, blir den likna verdien av eigen bustad opp til 500 000 kroner halden utanfor. Ut over desse fribeløpa blir 16 prosent av likna netto formue lagt til inntekta.

3.4.9 Dekningsprosenten

Den delen av differansen mellom godkjende buutgifter og eigendelen som blir utbetalt i bustøtta, blir kalla dekningsprosenten. Resten må mottakarane betale sjølve. At mottakarane må betale nokre av buutgiftene sjølve, skal motivere dei til å halde budutgiftene på eit rimeleg nivå.

I dag er dekningsprosenten i hovudregelen 70. Unntak gjeld for sokjarar som bur i kommunale og kommunalt formidla leigebustader. Dei har ein dekningsprosent på 80.

Målet om lik handsaming tilseier ein lik dekningsprosent for alle bustader utan omsyn til om dei er kommunale eller private. Å setje dekningsprosenten opp til 80 for alle ville blitt svært dyrt. Å redusere han til 70 for kommunale utleigebustader ville gitt store reduksjonar i bustøtta for leigarane. Kommunane ville òg ha tapt mykje på ei slik endring. Det kunne ha ført til at kommunane hadde blitt mindre motiverte til å skaffe fleire kommunale utleigebustader. Det er ikkje ønskjeleg.

Departementet tilrar å halde fram med det systemet og dei satsane for dekningsprosenten som gjeld i dag.

3.4.10 Grensa for minste utbetaling

I dag er grensa for minste utbetaling av bustøtte 167 kroner per månad, eller 2 000 kroner per år.

Bustøtta må vere av ein viss storleik om ho skal bidra til auka bustadkonsum. Ved å auke beløpet for minste utbetalte bustøtte, kan midlar bli omfordelte frå dei som har låge buutgifter, til dei som har høge buutgifter. Støtta må òg vere så stor at ho står i samsvar med kostnadene til administrasjon.

Departementet tilrar på dette grunnlaget å auke grensa for minste utbetaling til 300 kroner per månad, noko som svarar til 3 600 kroner per år.

Boks 3.1 Framlegg om nye reglar for bustøtta – oppsummering

1. Føremål

Bustøtta skal sikre dei med låge inntekter og høge buutgifter ein høveleg bustad.

2. Krav til søker og bustad

Alle som er over 18 år, og som er folkeregistrerte og lovleg busette i Noreg, kan få bustøtte, med unntak av studentar og militært eller sivilt tenestepliktige.

Om søkeren har barn, kan han få bustøtte jamvel om han er under 18 år.

Dei som studerer som eit ledd i eit offentleg, godkjent program for kvalifisering til arbeidsmarknaden, og som ikkje får stønad frå Statens länekasse for utdanning, kan òg få bustøtte.

Bustaden må vere godkjend for heilårsbruk, vere ein sjølvstendig bustad med eigen inngang og kunne gi høve til kvile og matlaging. Bustaden må ha eige bad og toalett.

Bebuarar i kommunalt disponerte, sosiale utleigebustader som ikkje er regulerte til institusjon, kan få unntak frå bustadkravet.

3. Utrekning av bustøtte

Bustøtta er ein del, 70 eller 80 prosent, av differansen mellom dei godkjende buutgiftene og eigendelen. Støtta blir rekna ut etter følgjande formel:

$$\text{Bustøtte} = \text{Dekningsprosent} * (\text{Godkjende buutgifter} - \text{Eigendel})$$

4. Buutgifter

4.1 Godkjende buutgifter

For leigarar blir husleiga lagd til grunn for dei godkjende buutgiftene. For dei som bur i burettslag, og sjølegeigarar som bur i sameige med felleskostnader, blir felleskostnaden lagd til grunn. Det blir fastsett nærmare reglar for kva utgifter i husleiga og felleskostnadene som kan gå inn i dei godkjende buutgiftene.

For sjølegeigarar som ikkje har felleskostnader, blir utgifter til drift, vedlikehald og forsikring dekte med ein sjablong. Denne sjablongen er for tida 12 000 kroner per år. Kommunale avgifter blir dekte med ein sjablong som varierer frå kommune til kommune, men som er lik for alle i same kommune. Skatt på eigedom og festeavgift inngår med faktiske kostnader.

For dei med alders-, uføre- og attlevandepensjon blir utgifter til oppvarming av bustaden dekte med ein sjablong for dei som ikkje får denne utgifa dekt over husleiga eller felleskostnaden. Sjablongen er for tida 6 000 kroner per år.

Utgifter til renter, avdrag og vanlege gebyr på bustadlån inngår i dei godkjende buutgiftene.

4.2 Taket for buutgiftene

For husstandar med 1 person er taket 61 000 kroner, med 2 personar 64 000 kroner, med 3 personar 67 000 kroner og med 4 eller fleire personar 70 000 kroner per år.

I Oslo er taket 20 000 kroner høgare enn i resten av landet. I Bergen, Trondheim, Tromsø, Stavanger og Bærum er taket 15 000 kroner høgare enn i resten av landet, og i Kristiansand, Skedsmo, Frogner, Lørenskog, Oppegård, Asker, Nesodden, Sola og Sandnes er taket 10 000 kroner høgare enn i resten av landet.

Husstandar som har ekstra høge buutgifter fordi bustaden er tilpassa ein bebuar med nedsett funksjonsevne, kan søkje om å få auka taket for buutgiftene.

Forts. Boks 3.1

5. Eigendel

5.1 Utrekning av eigendel

Minste eigendel er 15 000 kroner per år og gjeld for inntekter opp til 90 000 kroner per år. For inntekter over 90 000 kroner er eigendelen bestemt ved minste eigendel pluss 17,0 prosent av den del inntekta som overstig 90 000 kroner per år.

For inntekter over 131 000 kroner veks eigendelen progressivt ved at det blir lagt til eit toppledd. Dette ledet er ein prosentsats av heile inntekta. Frå 131 001 kroner er satsen 0,3 prosent. Han aukar deretter med 0,3 prosentpoeng for kvar 1 000 kroner inntekta aukar over dette nivået.

For unge uføre slår det progressive ledet inn ved ei inntekt på 169 001 kroner per år.

Inntekta blir korrigert etter storleiken på husstanden. Det blir gjort ved at inntekta blir dividert på summen av personvektene til husstanden. Første person i husstanden har vekta éin, medan vekta til dei påfølgjande personane er 0,1.

5.2 Inntekt

Det høgste beløpet av personinntekt og allmenn inntekt frå siste avslutta skattelikning blir nytta i utrekninga av bustøtta. Om allmenn inntekt blir nytta, skal eit beløp tilsvarende minstefrådraget i skattelikninga bli lagt til inntekta.

Barn under 18 år som bur heime, kan tene inntil 30 000 kroner per år utan at inntekta blir rekna med i bustøtta.

Ein del av formuen til husstanden ut over eit fribeløp blir lagd til inntekta. For leigarar blir netto likna formue inntil 250 000 kroner halde utanfor utrekninga av bustøtta. For dei som eig bustaden sin, blir den likna verdien av eigen bustad opp til 500 000 kroner halden utanfor. Ut over desse fribeløpa blir 16 prosent av likna nettoformue lagt til inntekta.

Ved skattefri utleige av delar av eigen bustad skal leigeinntektene bli lagde til inntekta.

6. Dekningsprosent

Dekningsprosenten er 70 prosent for private bustader og 80 prosent for kommunalt disponerte bustader.

7. Minste utbetaling

Grensa for minste utbetaling er 300 kroner per månad, som svarar til 3 600 kroner per år.

8. Særlege reglar for dei som fekk bustøtte før omlegginga

Unntak frå bustadkravet gjeld for dei som fekk bustøtte i same bustad før 1. juli 2009, og som ikkje var omfatta av bustadkrav før dette tidspunktet.

Unge uføre som fekk bustøtte før 1. juli 2009, skal ikkje få mindre utbetalt etter omlegginga som følge av at særreglane deira for buutgiftstak og eigendel blir endra.

4 Konsekvensar av framlegg til nye reglar

4.1 Innleiing

Dette kapitlet handlar om måloppnåing og konsekvensane av framlegg til nye reglar for sokjarane, kommunane og Husbanken. Avsnitt 4.2 handlar om hovudlinjene i den nye modellen, avsnitt 4.3 ser på konsekvensane av framlegget for sokjarane, medan avsnitt 4.4–4.5 gjer greie for måloppnåing med omsyn til sentrale velferds- og bustadpolitiske strategiar. Konsekvensane for mottakarane som er i ordninga i dag går fram av avsnitt 4.6, konsekvensane for kommunane av avsnitt 4.7 og dei administrative konsekvensane for Husbanken av avsnitt 4.8.


4.2 Hovudlinjer i den nye modellen

Den nye bustøtta byggjer på dei same grunnprinsippa for utrekning av bustøtte som i dag. Støtta blir bestemt ut frå storleiken på buutgiftene og inntekta. Bustøtta aukar når buutgifta aukar, og blir redusert når inntekta aukar.

Bustøtta skal etter framlegget framleis både ha ei nedre og ei øvre grense for kva buutgifter som skal vere med i utrekninga, det vil seie ein minste eigendel og eit buutgiftstak. Buutgifter under eigendelen skal husstanden fullt ut betale sjølv, det blir eit slags botnfrådrag. Bustøtta skal ikkje gjelde frå første krone buutgift. Det er ein føresetnad at dei offentlege ordningane for inntektssikring skal gi mottakarane økonomisk utteljing som også skal kunne dekkje ei rimeleg buutgift.

Buutgifter over buutgiftstaket gir ikkje auke i utbetalte bustøtter. I dette ligg ein føresetnad om at bustaden skal vere nøktern, og at utgifter ut over ei gitt grense ikkje blir dekte.

Bustøtta dekkjer normalt 70 prosent av utgifta mellom eigendelen og dei godkjente buutgiftene. I kommunale bustader dekkjer bustøtta 80 prosent. At buugiftene mellom eigendelen og buutgiftstaket ikkje blir dekte fullt ut, men at mottakarane må betale delar av ho, skal stimulere til ein høveleg, men nøktern bustandard.



Figur 4.1 Framlegg om bustøtte for husstandar med 1 person utanfor pressområda. Kroner per år

Tabell 4.1 Innslagspunkt for avkorting i bustøtte mot inntekt og innslagspunkt for progressiv avkorting mot inntekt. Framlegg til nye reglar for alle unntatt unge uføre, og reglar pr juni 2008 for mottakarar som ikkje er pensjonistar. Inntekt i kroner per år.

	Talet på personar i husstanden				
	1 pers.	2 pers.	3 pers.	4 pers.	5 pers.
<i>Avkorting mot inntekt (k1)</i>					
Nye reglar	90 000	99 000	108 000	117 000	126 000
Reglar per juni 2008	82 000	82 000	97 000	107 000	117 000
<i>Progressiv avkorting mot inntekt (k2)</i>					
Nye reglar	131 000	144 000	157 000	170 500	183 500
Reglar per juni 2008	112 000	130 000	133 000	144 000	154 000

Bustøtta blir avkorta mot inntekt ved at eigendelen aukar. Figur 4.1 viser korleis eigendelen stig med inntekta. Dess høgare inntekta er, dess større blir avkortinga. Inntekta der auken i eigendelen startar, blir kalla innslagspunktet for avkorting av inntekt (k1). Inntekta der auken i eigendelen blir progressiv, blir omtala som innslagspunkt for progressiv avkorting av inntekt (k2). Tabell 4.1 viser kva inntekter departementet tilrar å setje innslagspunktata på.

Kor høg inntekt ein husstand kan ha for å framleis få bustøtte, aukar med storleiken på husstanden. Dei øvre inntektsgrensene kjem indirekte fram som det punktet der eigendelen blir så stor at han når taket for buutgiftene. Bustøtta er svært låg når inntekta er nær inntektsgrensa.

Grunnprinsippa i modellen bidreg til at dei som har dei lågaste inntektene og dei høgste buutgiftene, får mest i bustøtte. Samtidig blir dette fordelingsperspektivet vege opp mot omsynet til arbeidsdeltaking, og til at bustøtta skal stimulere til god, men nøktern bustandard.

Desse grunnprinsippa blir ført vidare i framlegget. Avveginga mellom dei nemnte omsyna er òg i hovudsak lik, men i framlegget blir ordninga meir målretta mot dei som har låg inntekt og høge buutgifter. Mange som har høg buutgiftsbelastning har lite igjen å leve av når buutgiftene er betalte. Justeringa gjer dermed ordninga meir treffsikker for dei med dei største behova. Endringa skjer gjennom auka buutgiftstak. I tillegg inneber auken i minste eigendel og minsteutbetaling at låge buutgifter blir mindre kompenserte.

Utrekningsgrunnlaget blir dessutan justert for å vere betre tilpassa dei reelle utgiftene og inntektene til husstandane. Det skjer mellom anna ved at berre dei pensjonistgruppene som ikkje får dekt utgifter til oppvarming gjennom husleiga, skal få dekt oppvarmingsutgifter. Sjablong til drift, vedlikehald

og forsikring for sjølveigarar er òg med på å tilpasse bustøtta betre til dei reelle utgiftene og inntektene. Summen av desse endringane gjer ordninga meir treffsikker.

4.3 Konsekvensar for søkerane

4.3.1 Innleiing

I dag er mange av dei husstandane som slit mest på bustadmarknaden, ekskluderte frå bustøtta. Det gjer ordninga lite treffsikker og effektiv i arbeidet mot fattigdom. Framlegget til ny bustøtte vil opne opp ordninga for mange fleire av dei som har svakast økonomi. Om lag 50 000 nye husstandar kjem til å få bustøtte dersom framlegget blir vedteke. I dag får rundt 100 000 husstandar bustøtte. Framlegget gir ein auke i talet på mottakarar på om lag 50 prosent. Departementet legg til grunn at dei nye husstandane kjem til å ha ei estimert gjennomsnittsinntekt etter likning for 2009 på 105 000 kroner i året. Mange med låg inntekt blir da inkluderte i den nye ordninga.

4.3.2 Nye person- og bustadkrav

Oppheving av kravet til inntektskjelde i personkrava er ei av dei viktigaste årsakene til at mange nye fattige husstandar kjem inn i ordninga. Det gjeld mellom andre mange yngre menn som er aleinebuuar i dei store byane. Mange av dei som kjem inn i ordninga har svak tilknyting til arbeids- og/eller bustadmarknaden. Dei kan og stå i fare for å bli trygda og/eller bustadlause. Opphevinga av dette kravet gjer for det første ordninga meir rettvis og treffsikker mot dei som treng det mest. For det andre er det eit sentralt ledd i strategiane om å få flest mogleg ut i lont arbeid og å få flest til å bu i ein eigen bustad. Avsnitta 4.4 og 4.5 gir ein nærmare

Tabell 4.2 Framlegg om nye og neverande inntektsgrenser. Kroner pr. år

	Talet på personar i husstanden				
	1 pers.	2 pers.	3 pers.	4 pers.	5 pers.
<i>Utanfor pressområda</i>					
Nye grenser	178 000	200 000	222 000	245 000	264 000
Noverande grenser	163 000	174 000	182 000	194 000	205 000
<i>Oslo</i>					
Nye grenser	200 000	223 000	247 000	272 000	292 000
Noverande grenser	191 000	202 000	208 000	219 000	229 000

gjennomgang av kva effekt omlegginga har for desse strategiane.

Framlegg om nye bustadkrav inneber at ei rekje husstandar i små bustader, mellom anna i dei større byane, blir inkluderte i ordninga. I tillegg blir ein del pensjonistar utan lånefinansiering i Husbanken eller Innovasjon Noreg inkluderte. Dette gjer ordninga meir rettvis og treffsikker. Det vil bli enklare å etablere seg i ein eigen bustad.

Til saman inneber endringane av person- og bustadkrava at om lag 40 000 nye husstandar blir inkluderte i ordninga. Dei fleste av dei nye husstandane har ein eller to personar. Denne gruppa har ei estimert gjennomsnittsinntekt etter likning for 2009 på i underkant av 95 000 kroner i året.

4.3.3 Inntektsgrenser for barnefamiliar

Ved å betre utrekningsgrunnlaget for store husstandar blir fleire familiar med låge inntekter inkluderte i ordninga. Departementet legg til grunn at 10 000 nye husstandar vil få bustøtte som følgje av framlegget om utvida inntektsgrenser. Om lag 8 000 av desse er barnefamiliar.

For eksempel kan ein familie med to vaksne og to barn få bustøtte heilt til inntekta når om lag 272 000 kroner per år om dei er busette i Oslo, og 245 000 kroner om dei bur utanfor pressområda. I dag fell dei ut av ordninga med ei inntekt på 219 000 kroner i Oslo og 194 000 kroner utanfor dei store byane. Gjennomsnittsinntekta for barnefamiliar som er i ordninga i dag, er 90 000 kroner, og 100 000 kroner for einslege forsørgjarar. For dei nye barnefamiliane er gjennomsnittsinntekta etter likning for 2009 utrekna til å vere om lag 125 000

4.3.4 Lik handsaming og enkle reglar

I framlegget til ny bustøtteordning blir alle søkerar handsama likt ut frå inntektene og utgiftene deira. Studentar og militært og sivilt tenestepliktige er

unntak frå hovudregelen, sidan dei ikkje er inkluderte i ordninga. Alle mottakarane blir handsama likt ved at bustøtta blir utrekna likt for alle. Eit unntak gjeld for unge uføre.

Den nye ordninga gir ei meir lik handsaming av husstandar uavhengig av talet på personar i husstanden. Store husstandar får meir i bustøtte.

Framlegget fører til lik handsaming av type bustad og type bustadfinansiering. Det blir tilrådd at kravet om at bustaden må vere finansiert av Husbanken eller Innovasjon Noreg, blir oppheva for alle. Omlegginga inneber òg ei meir lik handsaming av buutgifter.

Bustøtta har som mål å gi eit likt resultat for buutgifter etter bustøtte for mottakarar i heile landet. Da må det bli tatt omsyn til geografiske variasjonar i bustadprisane. Framlegget tar auka omsyn til prisnivåa ved fastsetjing av buutgiftstaka i pressområda.

Ulik handsaming av offentlege og private bustader gjennom ulik dekningsgrad blir ført vidare etter omlegginga. Det inneber ei betre bustøtte for dei som bur i kommunale bustader, slik at insentiva til kommunane for å auke talet på kommunale utleigebustader blir haldne ved lag.

Departementet legg til grunn at meir lik handsaming av ulike mottakargrupper gjer ordninga meir rettvis og treffsikker. Meir lik handsaming av bustad og buutgifter, gjer at det blir enklare for brukarane å flytte til ein høveleg bustad, utan å ta omsyn til kor mykje dei får i bustøtte.

Lik handsaming og enkle reglar gjer ordninga meir føreseeleg og enklare for brukarane.

4.4 Strategi for å få flest mogleg ut i lønt arbeid

Regjeringa har som strategi at flest mogleg skal ta lønt arbeid. Etter dei reglane som gjeld i dag, kan personar som får kontinuerleg, langvarig sosial-

hjelp, mottakarar av attførings- og rehabiliteringspengar eller tidsavgrensa uførestønad, få bustøtte, medan yrkesaktive utan barn ikkje kan få det. Det kan svekkje motivasjonen til å ta arbeid og gi innlåsingseffektar i trygdesystemet. Den nye bustøtteordninga skil ikkje mellom ulike inntektskjelder. Ved at mottakarane ikkje mistar retten til bustøtte ved overgang til arbeid gir den nye ordninga mottakarane større insentiv til å gå ut i lønt arbeid.

Det blir tilrådd at inntektene til barn opp til 30 000 kroner per år skal bli haldne utanfor utrekningsgrunnlaget for bustøtta. Husstanden får dermed ikkje, som i dag, avkorting i bustøtta når barna tek seg småjobbar. Dette kan auke arbeidstilbodet og arbeidsmotivasjonen for den gruppa.

Etter omlegginga til ny bustøtteordning kjem rundt 40 prosent av mottakarane til å vere potensielle arbeidstakrar. Dei resterande 60 prosentane er anten pensjonistar eller uføretrygda.

4.5 Strategi for å få flest mogleg til å busetje seg i eigen bustad

Regjeringa har som strategi at flest mogleg skal etablere seg i eigen bustad, som ein eig eller leiger. Framleggget vil gi langt fleire høve til å etablere seg i eigen bustad eller til å bli buande der dei bur i dag.

Riksrevisjonens Dokument nr. 3:8 (2007–2008) *Tilbudet til de vanskeligstilte på boligmarkedet* konkluderte med at dei statlege, bustadsosiale verkemidla i Husbanken ikkje når alle vanskelegstilte. Den nye bustøtteordninga gjer det enklare for Husbanken og kommunane å kombinere bustøtta med andre bustadsosiale verkemiddel, slik at dei kan nå fleire vanskelegstilte.

Det er viktig at bustøtteordninga er god for eigarar, slik at ho ikkje bidreg til innlåsing i utleigemarknaden. Å eige er i dei fleste høve meir lønnsamt enn å leige. For at bustøtta skal bidra til etablering i eigm bustad, må utgifter til bustadlån bli teknne med i utrekninga av bustøtta. Det blir òg tilrådd at likna formue av eigen bustad skal vere fri inntil 500 000 kroner.

Samtidig skal ordninga òg vere god for leigarar. 70 prosent av bustøttetakkarane er i dag leigarar. Leigarar i kommunale bustader får ein høgare dekningsprosent enn andre. Dette skal bidra til å sikre tilbodet av sosiale utleigebustader. Etter framleggget får alle leigarar som bur aleine auka beløpet for fri formue frå 200 000 til 250 000 kroner. Det skal sikre at òg leigarar kan ha noko fri formue og dessutan gi leigarar betre høve til å spare eigenkapital slik at dei kan kjøpe bustad seinare.

Styrkinga av bustøtta gjer at fleire vanskelegstilte som står i fare for å bli bustadlause, enklare kan skaffe seg ein eigna bustad eller bli buande der dei bur. I dag får mange bustadlause ikkje husleigekontrakt fordi dei ikkje kan vise til stabil inntekt. Ei forbetra bustøtte vil òg legge betre til rette for at kommunane kan auke tilbodet av bustader for bustadlause og andre vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Kartlegginga av bustadlause i Noreg i 2005 viste at heile 88 prosent av dei bustadlause var einslege. Mange av desse fekk ikkje trygd eller andre stønader som kvalifiserer til bustøtte i dag. Framleggget til ny bustøtte inneber derfor at langt fleire bustadlause kan få bustøtte.

4.6 Konsekvensar for dei som får bustøtte i dag

4.6.1 Aleinebuarar og par utan barn


Om ein ser bort frå pensjonistane, er det i dag om lag 11 000 aleinebuarar og par utan barn som får bustøtte. Det er i overkant av 10 prosent av bustøttetakkarane.

Mange i denne gruppa får auka utbetaling. Dei har i dag ei lågare bustøtte enn pensjonistar med ein eller to personar i husstanden. Justeringar på grunn av høge bustad- og leigeprisar og for tilpassingar til dei som har høge buutgifter, kjem òg til ha effekt for denne gruppa. I framleggget til ny ordning får dei heva buutgiftstaket frå 55 000 til 61 000 kroner. I tillegg startar avkortinga mot inntekt på ei høgare inntekt enn i dag, som beskrive i avsnitt 4.2. Samtidig vil auka minste eigendel og minsteutbetaling gi noko lågare utbetalingar for ein del husstandar i denne gruppa.

4.6.2 Barnefamiliar

I framleggget til ny bustøtteordning får barnefamiliar auka bustøtta. Det blir lagt opp til å redusere den minste eigendelen for barnefamiliane og starte avkortinga mot inntekt ved ei høgare inntekt enn i dag. Av desse grunnane får barnefamiliar liggare eigendel ved alle inntektsnivå, som vist i figur 4.2. Det gjeld særleg den progressive delen av avkortinga.

I dag startar den progressive avkortinga på ei inntekt på 144 000 kroner per år for ein familie på fire. Det blir tilrådd at grensa blir auka til 170 500 kroner. Det inneber til dømes at ein familie på fire med ei samla inntekt på 150 000 kroner i året kan få auka bustøtta frå rundt 25 000 kroner til rundt 35 000 kroner i året. Ein auke i bustøtta på rundt 6 000 per år er gjennomsnittet for barnefamiliane.



Figur 4.2 Eksisterande bustøtte og framlegg til ny bustøtte for husstandar med 4 personar utanfor pressområda. Krone per år

4.6.3 Pensjonistar

